

Noregs miljø- og  
biovitenskapelige  
universitet

Masteroppgåve 2021 60 stp

Fakultet for biovitenskap

# **Status og potensiale utvikling av småskala grønsaksproduksjon i Vestland fylke – ei undersøking av interessentinvolvering og interaksjon i matsystemet**

Status and potential for development in small-scale  
vegetable production in Vestland county – a study  
of stakeholder involvement and interaction in the  
food system

Synneva Gjelland

Agroøkologi

## Samandrag

Den globale matproduksjon går ei utfordrande tid i møte, og Noreg og Vestland er ikkje i le for trugsmåla som fylgjer med eit skiftande klima. Mykje indikerar ei trøng for ein solid og robust matproduksjon nasjonalt, der ressursane vert nytta etter beste evne for å syte for auka sjølvberging. Samstundes er både helse- og klimarapportar tydelege på at inntak av plantebasert kost må opp hjå forbrukarar. Difor er det viktig å undersøke potensialet for å auke andelen norskproduserte vegetabilske matvarer aukar i relevans. Denne oppgåva søker å kartlegge korleis situasjonen for grønsaksproduksjon ser ut i Vestland fylke, ein ulendt og værutsatt region, der all dyrking går føre seg på relativt små areal. Det er potensiale for dyrking av grønsaker i liten skala som difor i hovudsak vert interessant for denne regionen, og strukturane som hindrar og støttar opp om utviklinga av denne næringa. For å kartlegge nosituasjonen og sjå på utviklingsmoglegheiter har eg intervjuet nøkkelinteressentar tilknytt småskala produksjon av grønsaker i Vestland fylke. Dei kan grupperast i tre hovudgrupper: motivatorgruppe (produsentar), kontrollgruppe (fylkesadministrasjon, forvalting og faglaga) og ekspertgruppe (rådgjeving, kunnskapsinstitusjon, omsetnadsaktørar). Det kjem i stor grad fram av intervju med desse interessentane at systemet har gode moglegheiter for å auke omfanget av produksjonen, men det er noko motstridande oppfatningar knytt til om dette er målet. Det satsast på denne næringa frå forvaltningas side, og trass eit behov for kompetanseheving i ei næring med mange nybyrjarar og ferske produsentar, samt mangelfull dokumentasjon av marknadspotensiale, er det mykje optimisme om framtida. Det er noko varierande oppfatning av om det er tilstrekkeleg samhandling på tvers av interessentgruppene. Ein del er nøgde, medan andre etterlyser fleire møteplasser og meir inkludering. Undersøkinga viser at involvering av eit breitt utval interessentar frå alle lag og grupper i matsystemet er ein føresetnad for planlegging og gjennomføring av ei auke i ein småskala grønsaksproduksjon som haustar aksept og har fokus på berekraft.

## Abstract

Global food production is facing an increasing number of challenges, and Norway and Vestland is not protected from the threats following a rapidly changing climate. We face a

need for a solid and robust food production nationally, where the resources are managed to strengthen self-sufficiency. With this comes health- and climate reports stating that the public needs to increase its intake of plant-based food and for Norway, studying the potential for increasing national vegetable production rises in relevance. This thesis seeks to map out the current situation for the vegetable production in Vestland county, a region with topographical and climatic limitations for arable land. It is therefore the small-scale production that is in focus, and the structures supporting and hindering the development of this sector. To study this, I have interviewed key stakeholders in the vegetable producing system in Vestland county. They can be categorized into three groups: Motivator group (producers), Control group (county management and administration, producer organizations) and Expert group (advising service, knowledge institution, market organisation representatives). Emerging from the interviews is that the system has good opportunities for increasing the vegetable production, but it is questioned whether this is in fact the goal. The county has initiated new ventures, and despite a general need for increased knowledge of production and sale of vegetables, the sector is generally optimistic about the development. The perception of the amount of interaction between the stakeholders varies to some extent between the stakeholders. Some are satisfied while others are requesting more inclusion and more arenas to meet and exchange experiences. Involvement of a broad selection of stakeholders from all groups in the food system is a prerequisite for planning and acting towards an increase in a small-scale vegetable production that embodies sustainability and has broad public acceptance.

## Takk

Det som ligg så mykje meir bak denne oppgåva enn kva som til slutt fekk plass på desse rundt 60 sidene. I løpet av dei siste to åra har dagane vore fylt til breidda med ein salig cocktail av nyfike, frustrasjon, isolasjon, lykkerus og no – ei god kjensle av å vere nøgd. Å skulle finne ro til å gjere oppgåva ferdig har vore ein utfordring, då Ås som studiestad har glimta til med både den eine og den andre freistinga. Og no er det altså på tide å late att perm'en (eller laste ned fram- og baksidemalen frå NMBU sine nettsider, då).

Eg vil fyrst og fremst takke hovudrettleiaren min Tor Arvid Breland, som har vore tolmodig med meg gjennom denne prosessen, utfordra tankesettet mitt og vore med på leiken i drøfting av tema og innfallsvinklar. Så vil eg rette ein stor takk til SmåGrønt gruppa i NIBIO, Anna Birgitte Milford, Anne Strøm Prestivk og Signe Kårstad som har involvert meg i prosjektet deira og kome med enormt verdifull innsikt og gode råd. Særskilt takk til Frøydis Gillund for å ville ta rolla som medretteliar, og for inspirasjon og gode tilbakemeldingar. Ein ekstra takk vil eg og rette til studievegleiar, Cathrine Strømø, for smittande godt humør og enormt god hjelp igjennom ei til tider litt for travel studietid.

Vidare vil eg rette stor takksemd til resten av dei involverte i agroøkologi-programmet som gav meg bakoversveis det fyrste semesteret og sidan aldri har slutta å utfordre og utvide verdsbiletet mitt. Geir Lieblein, Anna Marie Nicolaysen, Charles Francis og Tor Arvid Breland, i tillegg til gjesteforelesarar og medstudentar, har gjort mi tid i akademia til ei rik oppleving, som eg aldri kunne bli mett på.

Eg hadde nok ikkje greidd å stå løpet ut om det ikkje hadde vore for nokre nøkkelpersonar som eg har delt opp- og nedturar med i løpet av studietid og masterskriving. Særskilt kontorgjengen min Synneve, Sydney, Amélie, Naomi og Margit vil eg takke av heile mitt hjarte for uavgrensa stønad og motivasjon. Takka vere dykker gode ord, sylskarpe tankar og nydelege vesen kan me sjå tilbake på eit utsal engasjerte diskusjonar, eit delt paradigmeskifte og ikkje minst - moro. Utan mitt standhaftige og bunnsolide kollektiv i Stova hadde nok ikkje dette gått vegen heller. Då heile verda stoppa opp i Koronaens namn, var det ei lukke at det var Emilie, Ruben, Snorre, Jardar og Anders eg delte husrom med. Takk for nokre uforgløymelege opplevingar mellom våre 4 veggar, og for alle dei eg ikkje hugsar like godt. UKEstyret fortener òg ein varm klem og ein takk, for å lage festival i ein pandemi var ikkje nokon dans på roser. Men det var ein sårt trengt opptur, og eg er så glad for at det var akkurat me som stod i det saman. Revygjengen som aldri sluttar å imponere er eg òg uendeleg takksam for å ha hatt ved mi side. Ingen gjeng har nokon sinne levd meir opp til uttrykket «i full vigør», og trass uendeleg lange øvingsdagar har det aldri skorta på vitsar, humør og godkjensle.

Dei to siste åra har vore fulle av inntrykk, og i tillegg har det altså blitt ei masteroppgåve av det. Takk til mor og far og bror for oppmuntring og tryggleik, og takk til Sliteneliten som lokkar med ljuve tonar om framtida. Eg gler meg til det neste!

# Innhold

<b>Samandrag .....</b>	<b>0</b>
<b>Abstract .....</b>	<b>0</b>
<b>Takk .....</b>	<b>1</b>
<b>Innleiing .....</b>	<b>4</b>
<i>Globale utfordringar i dagens matsystem .....</i>	4
<i>Den norske situasjonen.....</i>	4
<i>Situasjonen i Vestland fylke .....</i>	5
<i>Respons på utfordringane.....</i>	6
<i>Gjenstridige problem og mjuke system.....</i>	7
<i>Ein ny kurs .....</i>	8
<b>Hovudproblemstilling.....</b>	<b>11</b>
Forskingsspørsmål .....	11
<b>Metode .....</b>	<b>11</b>
<i>Innsamling av data.....</i>	13
<i>Analyse av data.....</i>	14
<i>Metodediskusjon .....</i>	14
<b>Resultat og diskusjon.....</b>	<b>16</b>
<i>Identifikasjon av interessentar.....</i>	16
<i>Deskriptiv kartlegging av systemet.....</i>	19
1. Kva oppfatning har interessentane av den noverande situasjonen i småskala grønsaksproduksjon i Vestland fylke? .....	19
2. Interaksjon mellom interessentar: Kva relevante aktivitetar og tiltak finst? .....	27
3. Manglende interessentar, interaksjon og strukturar i systemet som hindrar ei berekraftig auke og utvikling av småskala grønsaksproduksjon i Vestland fylke .....	30
<b>Diskusjon .....</b>	<b>40</b>
Oppsummering – interessentanalyse og vidare resultat.....	40
Drøfting .....	42
<b>Konklusjon .....</b>	<b>49</b>
<b>Tillegg .....</b>	<b>51</b>
A. <i>Intervju-guide .....</i>	51
B. <i>Døme på kodingsprosess.....</i>	54
C. <i>Tematisering i iThoughtsX .....</i>	55
<b>Referansar .....</b>	<b>56</b>

## Innleiing

### Globale utfordringar i dagens matsystem

Global matproduksjon går ei utfordrande tid i møte. Folketalet aukar og går mot 9 milliardar menneske, og med det fylgjer aukande utfordringar for ein matproduksjon som skal mette populasjonen. Samstundes fører klimaendringar til store utfordringar for matproduksjonen. Med ein auke i t.d. ekstremvêr, forøkning og eutrofiering vert sjølve grunnlaget for landbruk sett på prøve. Dagens dominerande jordbrukspraksis er i stor grad avhengig av fossile og ikkje-fornybare innsatsfaktorar som t.d. fosfor og olje, og har direkte konsekvensar som forureining av drikkevatn, svekking av matjord og øydelegging av habitat og biodiversitet (Arcipowska, 2019; Horrigan et al., 2002; Kremen et al., 2012). Denne typen jordbrukspraksis framskundar miljøtrugsmålet matproduksjonen møter, og dei globale utsleppa av drivhusgassar frå landbrukssektoren i 2020 svarar til 23% av dei totale menneskeskapte utsleppa (IPCC, 2020). Samstundes har landbruket ei heilt sentral rolle i sosial og økonomisk utvikling (Byerlee et al., 2009). Landbruk kan vere fundamentalt viktig for å redusere svolt, sjukdomar og fattigdom, samt for å bygge lokalsamfunn og verne om lokale økosystem og biodiversitet (Schneider et al., 2011). Trass i produktivitetsveksten i det moderne landbruket og globaliseringa av matsystemet, ser ein ikkje ein tilsvarande positiv sekundær effekt, men heller eit landbruk som ofte går på akkord med det sosiale, økonomiske og økologiske ressursgrunnlaget (Shukla et al., 2019). Dagens og framtidas hovudmål må vere å redusere dei negative effektane av landbruk, og samstundes styrke føremonane.

### Den norske situasjonen

I Noreg har landbruket i stor grad dei same utfordringane. Noreg, som andre industrialiserte land, har òg satsa stort på effektivisering og industrialisering av jordbruket (Bayr et al., 2020). Ein er heller ikkje i le for klimatrugsmålet, som varslar mellom anna meir ekstrem nedbør, tørke og ein høgare temperatur som kan gje gode livsvilkår for nye sjukdommar og skadedyr (Hohle, 2016; Uleberg & Dalmannsdottir, 2018). På grunn av topografiene i Noreg, reknar ein den dyrkbare marka til å ligge i underkant av 3% (Mathiesen, 2014). Dette arealet ligg spreidd i Noreg, noko av det i gunstige landbruksområde i flatbygdene, og noko i dei meir ulendt og værutsette delane av landet. For å syte for at mest mogleg av dei dyrkbare areala vert nytta effektivt til matproduksjon, og særskilt ivareta kornproduksjon, har Noreg ført ein aktiv landbrukspolitikk som går ut på å dyrke etter komparative regionale føremonar (Stabbetorp,

2015; Tufte, 2019). Politikken har i utgangspunktet gitt gode resultat for ein del av hovudmåla i norsk landbrukspolitikk. Topografi og klima har i hovudsak blitt lagt til grunn for å kanalisere produksjonar til ulike område. Slik har ein kunne maksimert produksjonen for å dekke innanlands etterspurnad med ein relativt stor norsk del (Bunger & Tufte, 2016). Samstundes ligg det til grunn sosioøkonomiske mål, som i hovudsak livskraftig industri og busetjing i utkantstrok, samt evne til å tolle kriser som t.d. pandemi, krig eller klimainnverknader som vil kunne føre til restriksjonar på internasjonal handel. Denne politikken har vore mogleg å føre grunna industrialiseringa på 1900-talet, med energi til produksjon og transport mellom regionar, kunstgjødsel, sprøytemiddel, mekanisering, og stordriftsfordelar som fylgje av ein politisk styrt oppskaleringsøkonomi (Bunger & Tufte, 2016). Trass i suksessen til kanaliseringspolitikken, ser me ein nedgang i nasjonalt landbruksareal på 6% mellom 2001 og 2018 (Knutsen, 2020), og ein ser samstundes ein trend mot å leggje om jord som høver godt til åkerproduksjon, til grôvforproduksjon (Arnoldussen et al., 2014).

## Situasjonen i Vestland fylke

I Vestland har gardane i gjennomsnitt vekse med 13% over dei siste 12 åra, samstundes som tal på bruk har gått ned med 12% (Stokstad, 2020). Dette viser at den globale trenden med få og store bruk, òg gjer seg gjeldande i Noreg, og Vestland, med sitt utgangspunkt i ulendt topografi, små åkerlappar og familiebruk. Det er komplisert, og i mange tilfelle ikkje mogleg, å overføre stordrift til gardsbruka på Vestlandet, og dette fører til at mange av dei mindre driftsareala går ut som fylgje av utviklinga. Ein rapport frå Agri Analyse (Johnsen & Smedshaug, 2016) slår fast at området produserar langt under potensialet. Denne underutnyttinga av jordbruksareal har konsekvensar for mattrøygleiken og sjølvberging, men òg for distriktpolitikk. Ein studie gjort i Luster kommune i Vestland fylke (Gjessing, 2017) peiker på at svekkinga av det lokale, småskala landbruket, som er ein konsekvens av den styrt landbrukspolitikken og «landbrukets tredemølle», har drive samfunnsutviklinga i ei negativ retning i området. Sekundære verknader av landbruk, som å halde kulturlandskapet og biomangfald i hevd, vidareføring av tradisjonell kunnskap, lokale jobbar i næringsmiddelindustri, distribusjon og handtverk, vert redusert når lokalt landbruk svekkast. Studien peiker på ei trøng for revitalisering av landbruket for å oppretthalde lokalsamfunna i fylket.

## Respons på utfordingane

Klimaendringane sitt trugsmål mot framtidas matsikkerheit og matproduksjon, saman med politisk mål om, og forbrukarens auka etterspurnad etter plantebaserte matvarer, krev ein ny kurs for den kanaliserte norske matproduksjonen (*Klimakur 2030*, 2020; Vestland fylke, 2021). Òg med omsyn på helse i befolkninga, er det stadfesta at inntaket av plantebaserte matvarer bør opp (Helsedirektoratet, 2020). Det må poengterast at det er knytt ein del konflikt til ei slik diversifisering, og omlegging til meir plantebasert kost og produksjon. Noreg som jordbruksland har gode føresetnader for å produsere grovfôr, og å søkje å erstatte produksjonen som nyttar desse ressursane på ein god måte vil vere uforsvarleg, særskilt med omsyn til sjølvberging, men òg helse (Nasjonalt råd for ernæring, 2017; Solemdal, 2019).

Agroøkologi søker å ta for seg ein kompleks og samankopla matproduksjon, som har røter i økologisk orientert agronomi, miljøvern, bruk av lokale ressursar, solidarisk interaksjon mellom forbrukar og produsent, deltaking på tvers av matsystemet og likskap og rettferd gjennom matfordeling og matsuverenitet for alle menneske (FAO, 2018; Francis et al., 2003; Gliessman, 2016). Ei holistisk forvalting av matproduksjonen, som tar kompleksiteten, usikkerheita og dei gjenstridige problemstillingane på alvor må ligge til grunn når ein søker ei utvikling som er berekraftig. Berekraft er eit omgrep som ofte vert kasta tilfeldig rundt i den offentlege debatten, men som i røynda er eit omfattande omgrep. Berekraft er samanstillinga av tre fundamentale prinsipp: sosial, økonomisk og økologisk berekraft, og bruken av omgrepet inneber ei heilskapleg tilnærming (Bardalen et al., 2021; Goodland, 1995). For matproduksjonen vil dette innebere «forvaltning og bevaring av det eksisterande natur- og ressursgrunnlaget (t.d. dyrkbare areal, vassressursar og plante- og husdyrgenetisk materiale), samstundes som utviklinga går i ei retning der behova til dagens og framtidas generasjonar vert møtt» (FAO, 2018a). Berekraft er altså eit enormt komplekst omgrep, og det knyter til seg mykje usikkerheit om korleis ein skal kome dit. Berekraft treng ein ny type tilnærming til problemløysing. Den modernistiske, rasjonelle tilnærminga som søker å eliminere ambivalens og usikkerheit, og som ofte fører til tydeleg handling har lenge vore det mest vanlege i styring og forvalting (Voß & Kemp, 2006). Der denne typen forvalting har ført til enorme teknologiske framsteg, sofistikert samfunnsregulering og sterkt økonomisk vekst, er det i fylgje Voß & Kemp ikkje mogleg å nytte same metode når berekraft er målet. Mangel på berekraft er nemleg eit av problema som fylgjer ei slik modernistisk, spesialisert tilnærming. Einsteins kjende sitat «We can't solve problems by using the same kind of thinking we used when we created them» er illustrerande. Ein overgang til ei slik tilnærming krevjar omstilling

og samhandling frå fleire interessentar. Ordet “stakeholder” er nytta for «interessent» i engelsk, og kan definerast som eit individ eller ei gruppe som har interesser i ei bestemt sak, enten fordi ein har direkte innverknad på avgjersler eller fordi utviklinga i saka vil få fylgjer for ein (André et al., 2012; Freeman, 2010). *Matsystemet* består av mange interessentar, som med sine eigne motivasjonar og interesser, kjem saman rundt målet om å produsere mat til befolkninga.

### Gjenstridige problem og mjuke system

Eit system kan generelt definerast som ei samling av samankopla og gjensidig avhengige aktørar, med romlege og tidsmessige avgrensingar (Gliessman, 2015). Det globale matsystemet er stort og uhandgripeleg. Det er vanskeleg å redusere det til konkrete problemstillingar, fordi prosessane ofte er avhengige av kvarandre. Ofte vert utfordringar i komplekse system, som berekraft i matsystemet, møtt med reduksjonisme som ikkje tek inn over seg det heilskaplege og samankopla problemgrunnlaget (Gasparatos et al., 2009). Forvalting av naturressursar involverer eit komplekst nettverk av politiske, kulturelle, biologiske og økonomiske utfordringar, og å gjere det globale matsystemet berekraftig, er difor ei enorm og særslig samansett utfordring (Gliessman, 2015; Voß & Kemp, 2006). Å setje i gong tiltak for å møte éi av utfordringane får ofte upårekna konsekvensar for ei anna, og det kan vere vanskeleg å sjå ein tydeleg startstrek for problemløysing. I tillegg har ofte dei involverte motstridande verdssyn og oppfatningar av kva utfordringane faktisk er. Dette vert kalla «a messy situation» med «wicked problems» (Armson, 2011), dvs. ein rotete situasjon, der «wicked» ikkje tyder vondskapsfull, men vert omsett til gjenstridig.

Matsistema i Noreg og i Vestland fylke er sjølvsagt undersystem i det globale. Men utgangspunktet er det same, og ein kan sjå dei som kopla saman i ein meir eller mindre hierarkisk modell av delar i ein større heilskap. Uavhengig av hierarkisk nivå har aktørar i slike system til dels ulike verdssyn, ulike oppfatningar av kva utfordringane er, og forvaltinga skjer i skjeringspunktet mellom politiske, kulturelle, biologiske og økonomiske vilkår og mål. Situasjonar som er rotete og inneheld slike gjenstridige problem, vert gjerne omtalte som «mjuke system» i motsetnad til «harde system», t.d. reint fysiske system som gjerne kan vere komplekse, men med tydelegare årsak–verknads-mekanismar (Checkland, 1989). Utvikling, tiltak og endring i «mjuke system» krev heilskapleg systemtenking og kontinuerleg involvering av alle interessentar (Gliessman, 2015; Shukla et al., 2019).

I Vestland fylke er det aktuelt å vurdere ei mogleg utvikling av matsystemet som tek i bruk fleire areal og driv fleire produksjonar. Fleire aktørar og auka samhandling mellom desse fremjar resiliens, motstandsdugleik, i matsystemet. Masten (2016) definerer resiliens som evna eit system har til å tilpasse seg forstyrringar eller innverknader som truar funksjonen, levedyktigheita eller utviklinga til systemet. Spesifikk interaksjon som informasjonsdeling, dialog og samskaping av kunnskap og erfaring aukar resiliens, m.a. gjennom meir innsyn, høgare tempo og fleksibilitet (Scholten & Schilder, 2015). Resiliens er ein heilt sentral karakteristikk i berekraftige system (Ludwig et al., 1997). Ei utvikling som søker berekraft vil altså bestå av refleksjon kring samankopla og gjensidig avhengige prosessar, samt å etablere nettverk og organisere problemstillingsorientert kommunikasjon og interaksjon mellom interessentar, med fokus på drøfting og utforsking av alternativ og moglegheiter (Parker, 1990; Stirling, 2008; Voß & Kemp, 2006). Stirling peiker på korleis ein slik tilnærming, fører til at forvaltinga og strategien vert meir robust og transparent, og oppfatta som ansvarleg og demokratisk. I ein situasjon prega av interessekonfliktar vil ein deltagande prosess altså kunne auke sosial aksept.

## Ein ny kurs

For matproduksjonen i Noreg, kan det altså byrje med å tenke, ikkje berre nytt, men annleis om kvar og korleis maten vår produserast (Barth, 2016). Regional diversifisering av landbruket blir aktuelt å dra fram som alternativ, i ein overgang frå ein spesialisert praksis i stor grad basert eksterne innsatsfaktorar, til ein lokal, integrert produksjon som i større grad baserer seg på dei lokale tilhøva og økosystemtenester (Ikerd, 1993; Walpole et al., 2013). Å nytte dei mindre areala til intensiv grønsaksdyrkning kan vere døme på ei slik diversifisering. Å sjå på moglegheita for å nytte ein del av dei høvelege jordbruksareala til plantedyrking er interessant, og kan vere sentralt for å nå politiske mål om matsikkerheit, auka sjølvberging og levande lokalsamfunn (Bayr et al., 2020). Ein rapport frå NIBIO slår fast at Noreg har potensiale til å auke grønsaksproduksjonen 5-6 gonger så mykje som dagens nivå (Mittenzwei, 2017). Vidare hevdar Arnoldussen et al. (2014) i ein rapport frå Agri Analyse at om ein tar i bruk den dyrkbare marka som høver til åkerproduksjon og brakklagt dyrkbar mark, til å dyrke energi- og proteinrike vekster til menneskemat, og syter for optimalt vekstskifte, vil ein kunne auke sjølvberginga med ca. 16%. Per 2020 vart 3,7% av jordbruksarealet i Vestland fylke nytta til dyrking av grønsaker, potet, frukt og bær, der det aller meste av dette arealet er frukt og bær-dyrking, som står for 10% av den totale

verdiskapinga (Stokstad, 2020). Grønsaksproduksjonen utgjer altså per i dag ein særslitengt del av produksjonen i fylket.

Fokusområdet for denne oppgåva er å sjå på korleis ein kan auke omfanget av grønsaksproduksjonen på Vestlandet. Agronomisk er det nokre stader utfordrande, med myrjord og mykje nedbør. Andre stader er det underutnytta potensiale. I 2020 lanserte NIBIO ein ny kartserie, som illustrerer det klimatiske potensialet for grønsaksdyrkning i Noreg (Ulfeng, 2020). Karta baserar seg på data om jordkvalitet, vêr og klimatiske tilhøve, samt dei ulike sortane sine vekstkrav og veksttid. Framleis er karta noko ufullstendige, men dei peikar på sentrale område rundt byar og ein del område dominert av gras- og kornproduksjon som gunstige for åker- og plantedyrking. Som del i å setje ein ny kurs for landbrukspolitikken og ei meir produktiv forvaltning av landbruksareal i Vestland står småskala grønsaksproduksjon fram som eit alternativ av høg relevans (Vestland fylke, 2021). Småskala dyrking involverer ofte sosiale prosessar som aktiv deltaking og samarbeid, samt støttar seg på direkte sal og samhandling mellom produsent og forbrukar. Dette gjev meir transparens og offentleg innsyn, som bidrar til meir forståing, respekt og tillit til matproduksjonen (Walpole et al., 2013). I Noreg anerkjenner myndighetene òg dette i dag (Halvorsen, 2020; Lindén, 2019). For småskala grønsaksproduksjon i Vestland, kan ein dra fram «marknadshagemodellen» som særskild interessant. Ein marknadshage vert skildra av Gaffke (2020) som dyrking med enkle, tilpassa, rasjonelle teknikkar i hovudsak basert på handhaldne reiskapar, diverst vekstskifte, intensivt, redusert jordarbeid, kompost, grøngjødsling, fangvekstar, direktesal, liten risiko knytt til store investeringar i starten (grunna låge maskinkostnadar t.d.). Det er vidare relevant å sjå på denne dyrkings- og marknadsmodellen som eit relevant alternativ til den etablerte, sterke grossist- og daglegvareverdikjeda som i dag styrar mykje av utviklinga av norsk grønsaksproduksjon. Dei tre største, Rema 1000, NorgesGruppen og Coop, står for til saman 96,4% av marknadsandelane i daglegvarehandelen (Pettersen & Kårstad, 2021). For frukt og grønt er Bama Gruppen hovudgrossist, og er eigd av Reitan Gruppen (Rema) og NorgesGruppen. Bama har soleis sterkt tilknyting til daglegvarekjedene, og har ein estimert marknadsandel for omsetnad av frukt og grønt på mellom 60 og 70 prosent i daglegvarehandelen. Bama er koordinert med produsentsamvirket Gartnerhallen. Før WTO-avtalen trådde i verk på 1990-talet hadde Gartnerhallen ein aktiv engrosfunksjon, men har etter den kraftige omlegginga som fylgje av avtalen fått ein tydelegare grossistfunksjon (Pettersen & Kårstad, 2021). Dei resterande marknadsandelane for frukt og grønt vert i stor grad dekka av Coop Norge, gjennom produsentorganisasjonen Nordgrønt. For den småskala

grønsaksproduksjonen er det dei alternative salskanalane som er mest vanleg, og som har størst potensiale for lønsemd (Milford, 2019).

*«Vestlandet har eit mildt klima og mange småareal som er eigna for grønsaksproduksjon. Marknadshageprinsippa er tilpassa eit vestlandsjordbruk der ein har nærleik til marknad og faste kundar, som i andelslandbruk eller abonnementsordningar for grønsakkassar i sesong»*  
*(Markedshager, 2019).*

Dette peikar på eit behov for å undersøke potensialet for eit meir direkte produsent-forbrukar-orientert, lokalt tilpassa marknads- og distribusjonssystem for grønsaksproduksjon i vest, og om eit sånt system kan vere sosialt, økonomisk og økologisk berekraftig. Ein overgang til ein meir diversifisert produksjon i fylket involverer komplekse prosessar og mange interessentar med ofte ulike motivasjonar. Kartlegging av korleis dagens system blir oppfatta av interessentane innan småskala grønsaksproduksjon og å undersøke graden av samhandling, deltaking og kommunikasjon på tvers av interessentane kan gje ein peikepinn på om systemet har manglar eller om det er på veg i riktig retning mot det overordna målet om ein matproduksjon med berekraft i alle ledd.

## Hovudproblemstilling

Med bakgrunn i etablering og utvikling av berekraftige matsystem, korleis samhandlar interessentar innanfor næring, rådgjeving, forvalting og omsetnad for å auke omfanget av småskala grønsakproduksjon i Vestland, og kva bør ev. betrast?

### Forskingsspørsmål

Kartlegging og avgrensning av systemet (deskriptiv):

1. Kva oppfatning har interessentane av den noverande situasjonen i småskala grønsaksproduksjon?
2. Interaksjon mellom interessentar: Kva relevante aktivitetar og tiltak finst?

Undersøkje kva som manglar i systemet og kva hindringar som finst:

3. Manglar det essensielle interessentar, interaksjon eller strukturar i systemet som hindrar ei berekraftig auke og utvikling av småskala grønsaksproduksjon på Vestlandet?

## Metode

Eg nytta kvalitativ forskingsmetode, og casestudie som hovudmetode. Den eksisterande småskala grønsaksproduksjonen i Vestland er eit konkret fenomen, som baserar seg på eit system av samankopla bidragsytarar. Utgangspunktet er at dei er i kontakt med kvarandre, og utgjer ei avgrensa gruppe som kan studerast (Yin, 2013). I denne oppgåva er grensene i fyrste omgang identifisert utifrå region og storleik på drift. Hovudproblemstillinga er på «korleis»-form og søker å finne ut av ein situasjon som ikkje er kartlagt ved start. I fylge Small (2009) er difor casestudiologikk meir relevant å nytte enn representativ logikk. I tillegg til dette talar utgangspunktet for ei fenomenologisk tilnærming til situasjonen. Fenomenologi er kjend frå filosofi, og søker å skildre *fenomen* som dei vert erfart og opplevd. Det fyrste steget er å observere så langt som råd utan feilkonstruksjonar og førdomar (Moran, 2002). Med eit mål om å kartlegge eit mjukt system, det småskala grønsaksproduksjonssystemet, som omfattar rivaliserande interesser, og nøkkelpersonar med ulike yrker, verdssyn og perspektiv, vart ei fenomenologisk tilnærming òg ein føresetnad for å søkje objektivitet (Moran, 2002).

Innanfor den avgrensa casen, gjennomførte eg ei interessentanalyse (Achterkamp & Vos, 2007). Ei interessentanalyse har som mål å gjere det meir mogeleg og sannsynleg at dei som vert påverka, òg er involvert, det vere seg i prosessar knytte til politikkutforming, avgjersler eller kunnskapsdeling. Ei slik interessentanalyse tek utgangspunkt i grensekritikk, der identifiseringa av grensene vil tydeleggjere kva sakene gjeld og kven som skal involverast for å handtere dei (Achterkamp & Vos, 2007). Ho startar med identifisering av interessentar. For denne oppgåva ville eg sjå på samarbeidet og samhandlinga mellom dei aktive partane i systemet, det vil seie dei som aktivt er involvert i utviklinga av ein småskala grønsaksproduksjon i Vestland. Eg nytta difor metoden til Achterkamp og Vos for identifisering og gruppering av aktive interessantar i eit system. Soleis sat eg meg sjølv i ein definerande og styrande posisjon, men var heile tida medviten om grensene for systemet og gjekk fram med identifikasjonen med ei spørjande og kritisk haldning. På bakgrunn av denne framgangsmåten vart det etablert tre grupper.

1. Kjelde til motivasjon: Kven sine mål (verdiar, interesser) blir eller bør bli gjevne rom for? *Client*.

I denne situasjonen vil «klienten» vere bøndene, då deira oppgåve i systemet er det heilt basale produksjon og sal av småskala grønsaker. Det er i hovudsak desse aktivitetane systemet har som mål om å støtte opp om og utvikle.

2. Kjelde til kontroll: Kven har eller bør ha makta til å ta avgjerder? *Owner/decision maker*.

Den kontrollerande instansen vert i dette systemet fylkesforvaltinga og faglaga. Interessantar i forvaltinga kan direkte stimulere eller hindre strukturar og prosessar for utvikling. Saman med faglaga, Bondelaget og Bonde- og Småbrukarlaget, dannar dei *landbrukspartnarskapen* der dei i lag vurderer satsingsområde for landbruket. Denne interessentgruppa er altså sentral i avgjerder som styrar utviklinga i næringa.

Her er det viktig å påpeike at forvaltinga i stor grad styrar etter retningslinjer og mål frå Landbruksoppgeret, Landbruks- og matdepartementet og Landbruksdirektoratet, og har avgrensa moglegheit til å ta eigne avgjerder om retninga til landbruket i Vestland fylke. Ved å løfte det opp til dette neste nivået vil ein moglegvis finne fleire og/eller andre strukturar som innverkar på landbruksutviklinga i vest, men for å avgrense systemet i analysa til det som

dreiar seg direkte om Vestland fylke, har eg valt å berre sjå på fylkesforvaltninga som kontrollerande gruppe.

### 3. Kjelde til ekspertise: Kven medverkar eller bør medverke med naudsynt kunnskap? *Actor/design*.

Ekspertane i systemet knytt til småskala grønsaksproduksjon i Vestland fylke er rådgjevingstenesta, kunnskapsinstitusjonar, representantar frå omsetnadsledda i dei alternative salskanalane (Reko og Bondens Marknad) og representantar frå nettverk.

For å få ein introduksjon og eit oversyn over småskala grønsaksdyrking i Vestland, har eg vore involvert, litt på sidelina, i eit forskingsprosjekt i regi av NIBIO. Prosjektet vert kalla «SmåGrønt» og skal kartlegge økonomiske og agronomiske moglegheiter og utfordringar for småskala grønsakdyrking i Noreg (Milford, 2020). Identifikasjonen av interessentar innanfor den sette grensa “småskala grøntproduksjon i Vestland fylke” byrja med idémyldring. Eg sjølv tenkte etter kven som kunne vere aktuelle informantar i oppgåva. Vidare tok eg kontakt med forskingsgruppa “SmåGrønt” i NIBIO, leia av Anna Birgitte Milford, fagpersonar i NLR og Statsforvaltaren i Vestland for å høyre deira idéar. Med dei tre hovudkategoriane av interessentar i bakhovudet, grupperte eg dei føreslårte interessentane.

Målet med interessentgruppering og identifikasjon er å kartlegge aktørar som er involverte i systemet, og kva roller dei speler i ei utvikling av systemet. Dette er sentral bakgrunnskunnskap for å kunne svare på hovudproblemstillinga, samt forskingsspørsmåla.

### Innsamling av data

For å samle inn data og svare på forskingsspørsmåla har eg nytta semistrukturerte intervju. Grunna restriksjonar knytt til Covid-19-pandemien har dei fleste intervjuva vore digitale, via Teams, men nokre var mogleg å gjennomføre fysisk. Det har i både situasjonane vore gjort opptak, som har blitt transkribert og vidare koda. I intervjuha har eg fokusert på å få til ei avslappa og uformell stemning, og gitt intervjuobjekta ein del rom til å snakke fritt om deira eiga oppleveling av næringa. Intervjuguiden (tillegg A) vart noko tilpassa kvar interessentgruppe, men spørsmåla som var naudsynt for å få svar på forskingsspørsmåla vart stilt til alle. Dette var for å få ei generell deskriptiv skildring av systemet frå fleire hald, men

øg for å få fram kva dei enkelte interessentane er mest uroa for eller kva moglegheiter dei ser i næringa. Intervjua varte mellom 45-60 minutt.

## Analyse av data

Kvalitativ innhaldsanalayse (qualitative content analysis) vart nytta for å analysere intervjurtranskripta. Etter transkribering av intervjua fylgde ein kodingsprosess (tillegg B), der identifikasjon av sentrale tema basert på kodane vart gjort (Burnard et al., 2008). Dei kategoriserte kodane og tema, vart grupperte i tankekartformasjon, der eg nytta programmet iThoughts (tillegg C).

Det er to hovudkritikkar eg må vere observant på knytt til denne analysa, og dei er til kva grad funna mine kan generaliserast og om eg som kodar kategoriserer riktig (Bernard, 2017). Å vere medviten om mi eiga slagseite i dette arbeidet er difor gjennomgåande sentralt, òg i analysa.

Eg har ikkje anonymisert intervjuobjekta, sidan systemet er lite og rolla deira ofte er ein viktig grunn til at dei vert intervjeta, samt viktig for datagrunnlaget. Å anonymisere vert lite relevant, òg fordi informasjonen frå og om interessentane berre presenterer deira oppfatning av systemet basert på deira profesjonelle og faglege tilknytning.

## Metodediskusjon

Grensekritikk og kritisk systemtenking er viktig å diskutere når ein identifiserer og klassifiserer interessentar, som fylge av den etiske problemstillinga ein systemdesignar står i når ein skal dra grensene for eit heilt system (Churchman, 1971). Det er vidare sentralt å ha definisjonen av eit system klart føre seg under arbeidet med å setje ei grense, då interessentane skal vere ei samling av samankopla og gjensidig avhengige aktørar. Som Ulrich (1983) hevdar, må grensene utforskast og vere rettkomne av interessentane sjølv, for å gå systemdesignarenes slagseite i møte. I intervjeta har interessentane uoppfordra nemnt kvarandre og samhandling med kvarandre, som gjev auka tyngde til at grensene eg har sett for dei involverte og påverka i systemet kan vere rettkomne og velgrunna. I grensekritikkens namn er det allikavel viktig å nemne at identifikasjonen av interessentane, og analysa som fylgjer, er ein representasjon av dei lokale og temporære høva i Vestland fylke isolert, og

ikkje ein representativ og generalisert modell. Andre område med andre lokale tilhøve, vil kunne gje andre resultat enn det som kom fram i denne interessentanalysa og systemanalysa.


Analysa og dataene er altså ikkje generaliserbare i den forstand at det var ei undersøking av rolla til interessentane i systemet og deira meningar, der deira personlege oppfatning av næringa og samarbeidet er ikkje representativt for andre i same rolle. Deira skildringar og betraktingar er døme på korleis situasjonen vert opplevd for dei som enkeltpersonar. Sidan desse er sentrale partar i systemet som syter for grønsaksproduksjonen i Vestland fylke er oppfatninga deira særskilt relevant. Dei har alle sine interesser i systemet og fronta i stor grad desse under intervjuet, og eg var ikkje ute etter «harde fakta» eller objektivitet frå deira side i intervjuet. Det som var viktig å få fram var dei enkeltes opplevelingar og oppfatningars av samspelet og utviklinga av næringa og systemet, av samarbeidet og kommunikasjonen med dei andre, av potensielle møteplassar og rom for interaksjon, samt kva dei såg på som hindringar og moglegheiter for at det heile skulle auke i omfang. I løpet av intervjuet kom haldningane deira til den småskala grønsaksproduksjonen tydeleg fram, sjølv om intervjuet oftast var digitale. Mykje av den mellommenneskelege interaksjonen og informasjonen ein kan få gjennom kroppsspråk og haldning utgjekk, då det ikkje var aktuelt i video-intervju. Men for å tolke det intervjuobjekta meinte og kva dei faktisk følte om grønsaksproduksjonen i Vestland prøvde eg etter beste evne å plukke opp tonefall og kommentarar, og fylgje det opp. Alle kjeldene har stort truverd, alle har i stor grad kjennskap til kvarandre og snakka utifrå fagleg rolle og tilknyting til næringa. Dette var viktige premiss for utvalet. I analysa har eg presentert funna som er relevante for å svare på forskingsspørsmåla. Eg har som forskar ansvaret for å vere medvitenskaplig i eiga slagseite i dette arbeidet, både i avgrensing, utval og i tolking.

## Resultat og diskusjon

I denne seksjonen vil eg presentere sentrale funn frå intervjeta, for å svare på forskingsspørsmåla og problemstillinga. Resultata vil diskuterast i ein eigen seksjon etter resultatpresentasjonen, men for identifikasjon av interessentane vil eg diskutere funna og prosessen saman med presentasjonen av resultata.

### Identifikasjon av interessentar

Gjennom å nytte malen for interessentanalyse skildra av Achterkamp og Vos (2007), blei det kartlagt eit utval interessantar innanfor dei tre hovudgruppene.



Figur 1: Oversikt over interessantar og interessentgrupper

1. Kjelde til motivasjon: Kven sine mål (verdiar, interesser) blir eller bør bli gjevne rom for? *Client.*

<b>Namn</b>	<b>Type</b>
Erik Halvorsen	Erfaren produsent
Knut Finne	Erfaren produsent
Jon Egil Vik og Synnøve Vik Bergstad	Erfaren og moderat erfaren produsent
Katinka Kilian	Moderat erfaren produsent
Anders Flatlandsmo	Lite erfaren produsent

2. Kjelde til kontroll: Kven har eller bør ha makta til å ta avgjelder? *Owner/decision maker.*

<b>Namn</b>	<b>Type</b>
Frøydis Lindén	Statsforvaltaren
Maj Britt Otterleig	Innovasjon Norge
Heidi Bjønnes Larsen	Vestland fylkeskommune
Kjersti Sognnes	Vestland fylkeskommune
Leif Grutle	Norsk bonde- og småbrukarlag
Kari Sigrun Lysne	Norges bondelag

3. Kjelde til ekspertise: Kven medverkar eller bør medverke med naudsynt kunnskap? *Actor/design.*

<b>Namn</b>	<b>Type</b>
Gunnlaug Røthe	NLR Vest
Monica Gjesdal Larsen	Sogn jord- og hagebrukskule
Aud Slettehaug	Lokalmatnettverket
Irene Dalland	Reko
Matthijs van Meurs	Bondens Marked, Bergen
Ida Kleppe	Bybonden i Bergen

Gruppa av produsentar kunne vore meir interessant dersom fleire heilt ferske produsentar hadde vore mogleg og fått tak i. Grunna tidsmangel var dette nedprioritert og eg valde å fokusere på meir erfarte produsentar, men òg å få perspektiv frå ein nyoppstarta produsent. Dei eg fekk tak i til den kontrollerande gruppa dekte godt den delen av forvaltinga eg ville kartlegge, og alle var relevante for næringsutvikling, satsing og stimulering av landbruksinitiativ. Relevante representantar frå faglaga kunne òg stille med verdifull innsikt, og erfaringar frå fleire produsentar og deira syn på utviklinga vidare. I ekspertgruppa var det ein del aktørar frå fleire ulike delar av næringa, som alle har ein ulik inngong til næringa og soleis eit verdifullt perspektiv å ta med i ei kartlegging av no-situasjonen. Dei har varierande erfaring frå landbruket, og er både kompetente innan husdyr- og planteproduksjon, i tillegg til omsetnad, merkevarebygging og sal. Fleire representantar frå kunnskapsinstitusjonar og NLR Vest kunne vore relevant for ei endå meir grundig kartlegging av systemet.

Det kunne òg vore interessant og hatt med nokre representantar frå dei «passive interessentane» i matsystemet, nemleg forbrukarane direkte. Eg valde å ikkje ta med denne gruppa for å avgrense oppgåva til å handle om produksjonsleddet, men for ei vidare utvikling av næringa er forbrukarperspektivet òg relevant. Kva samspelet mellom produsent og forbrukarar betyr for særskilt den småskala grønsaksproduksjonen som næring, er interessant. Det sosiale aspektet av produksjonen og innsyn i matproduksjon er ein viktig del av denne produksjonsmodellen. Difor ville eg tatt med denne gruppa i ei vidare undersøking av interessentsamspelet i systemet rundt småskala grønsaksproduksjon. I løpet av intervjuet har dei fleste uoppfordra nemnt kvarandre og plassert kvarandre i systemet på ein liknande måte som i mi identifisering og gruppering av interessa, noko som styrkar analysa og systemoversikten (Achterkamp & Vos, 2007).

## Deskriptiv kartlegging av systemet

1. Kva oppfatning har interessentane av den noverande situasjonen i småskala grønsaksproduksjon i Vestland fylke?

### Aukande etterspurnad og aktivitet

Grønsaksproduksjonen i Vestland utgjer ein særsliteng del av den totale matproduksjonen i regionen. Interessentane stadfestar dette, men peiker samstundes på ei aukande interesse for grønsaksproduksjon rundt seg. Dei er veldig sameinte om at det er ei aukande interesse og etterspurnad etter lokale grønsaker. Alle peikte på ei positiv utvikling for næringa, med nokre usemjer knytt til omfanget. Der enkelte meiner det har «eksplodert», er det andre som seier «ja, det har vel kanskje vore noko aukande i det siste».

Mange påpekte òg at forbrukarane tilsynelatande er meir medvitne og bryr seg meir om kvar maten dei kjøper kjem ifrå. For forbrukaren vert matvalet òg eit verdival, der ein kan bidra positivt ved å velje dei små lokale produsentane. Erik, som har drive grønsaksproduksjon i Hålandsdalen sidan 2007, har ein tydeleg oppfatning av dette. «*Det er tre kvalitetar eg sel på. Det eine er smak og kvalitet, at det er ferskt. (...) Og så går det på det sosiale. Kjøper du frå meg, støtter du lokalt næringsliv. (...) Og det tredje er miljøaspektet. At eg driv med vekselbruk og har mangfold på garden min og eg er debio-sertifisert. Folk som kjøper tenker at dei bidrar positivt.*» Omsetnadsaktørane merkar òg at etterspurnaden etter lokalproduserte grønsaker er stor. «*Me merkar etterspurnaden veldig. Det er to som har vore medlemmar det siste året, og dei har fått selt alt kvar gong utan noko marknadsføring eller førebuing. Så det er stor etterspurnad. Kvar veke får eg spørsmål frå kundar om det kjem grønsaker eller ikkje,*» seier Matthijs i Bondens Marknad. Nyetablert produsent på Voss, Anders, seier at han òg merkar stor støtte frå befolkninga. «*Altså, av generell støtte så er eg eigentleg litt overvelta. Folk stoppar og kjem innom. Det gjekk ikkje ein dag [i fjor sommar] utan at folk datt innom. Folk syns det er så kjekt og så bra.*»

## Negativ næringsutvikling lenge

Særskild produsentane var opptatt av at det var vanlegare å dyrke grønsaker på vestlandet før. «*For ein eller to generasjonar sidan var det mange bruk som hadde litt grønsaksproduksjon på Voss. Men no er det mest som det er rust i maskineriet, eg veit ikkje,*» seier Knut, som er produsent i tillegg til å drive med distribusjon av småskala grønsaker produsert av andre. Han får støtte frå Gunnlaug i NLR, som sjølv òg er produsent i tillegg til rådgjevarstillinga. Ho meiner at den aukande trenden knytt til at mat skal vere sunt og ha helsegevinst kan ha ført til ei aukande interesse for grønsaksdyrkning. «*40 år sidan så var det jo littegrann, på Voss òg. Men så dabba det litt av, eg trur dei fleste hadde littegrann poteter til eige bruk, men så vart det vel stort sett slutt på det og. Og så er det no, dette er vel litt sånn helsetrend, så eg føler at interessa for grønsakdyrkning har auka, men ja, det er spesielt no dei aller siste åra,*» seier Gunnlaug.

Jon Egil, som saman med dottera Synnøve produserar grønsaker i Sandane, peiker òg på denne negative utviklinga i regionen. Han meiner allikavel, i likskap med Gunnlaug, at det kanskje er på tur tilbake. «*Eg har ei kjensle av at me har levd i ei tid der alt skal vere så stort, og det ligg ikkje for vestlandet. Eg har vore med å etablere utallige samdriftsfjøs. Ein har ikkje lagt ned bruk, men ein har lagt ned miljø. Men det kan hende det snur, me ser jo tendensar til det, at smått er godt.*»

## Politisk mål i forvaltinga

Den negative utviklinga, saman med nye klimamål og statistikken over den vesle grønsaksproduksjonen i Vestland har danna grobotn for nytenking og nysatsing i forvaltinga. Frøydis i Statsforvaltaren meiner det var viktig å ta tak i den negative utviklinga, og at det aukande fokuset på klima og miljø vart litt som eit springbrett. «*Klimakur kom jo på eit høveleg tidspunkt, der me les at me må ete meir grønsaker om ein skal vere ein klimavenleg forbrukar. Og ser ein på statistikken over kor mykje grønsaker som produserast i Vestland, så er det jo veldig lite og veldig konsentrert i få miljø. Trass i at me har landets nest største by her. Så dette starta eigentleg meir som eit urbant landbruks-prosjekt, på grunn av den harde statistikken på kor liten produksjonen er her,*» seier ho. Dette peiker Kari Sigrun, som sit i grøntutvalet i Vestland Bondelag, òg på, og meiner Vestland bør vere med på utviklinga. «*Det*

*er eit grønt skifte ute og går. Kan me utnytte det at folk skal ete meir frukt og grønt på vestlandet og?»,» spør ho.*

I tillegg til aukande trend, fokus og politisk interesse ser dei at auka i bruksstorleik, saman med nedgong i bruk, har ført til at ein del av arealet òg er underutnytta. Ei nysatsing på grønsaksproduksjonen i vest, kan gagne den totale matproduksjonen i vest. «*Det er ingen tvil om at det vil gagne matproduksjonen at det er meir småskala grønsaksproduksjon i drift på vestlandet. Det er jo veldig mange gardsbruk som ligg i brakk i dag dverre,*» meiner Irene, som er aktiv i Reko og administrator i fleire ringar. Ho brenn for å nyte òg dei mindre areala til matproduksjon.

### **Marknadshagemodellens relevans**

Topografien og klimaet i Vestland gjer det utfordrande å dyrke mange stader. Om ein skal fylgje standaren til store grønsaksprodusentar på austlandet, vert det umogleg å få til noko i vest. Dei største grøntområda i Vestland, som t.d. i Lærdal, reknast som små etter næringas mål nasjonalt. Kari Sigrun er i tillegg til å sitje i grøntutvalet i Vestland Bondelag, sjølv produsent og seier det slik: «*I Lærdal er det flatt, men det er små gardar. Me kan ikkje ha 2000 daa med radgrønsaker, for det finst ikkje. Me må tenke på ein annan måte.*». Og det er denne andre tenkemåten som har blitt kjerna for nysatsinga på grønsaksproduksjon i Vestland. Areala og klimatilhøva gjer det naudsynt å satse på ein annan måte. «*Eit viktig utgangspunkt for vestlandet er dei små areala som er eigna til grønsaksproduksjon, og at marknadshagemodellen difor passar godt her,*» seier Frøydis hjå Statsforvaltaren. Dette, saman med eit ynskje om å auke omfanget av grønsaker på Bondens Marknad, var bakgrunnen til at Statsforvaltaren gjekk saman med Bondens Marknad og Hans Gaffke i 2019 og laga eit pilotkurs på vestlandet, forklarar Frøydis. Det var alt frå hobbydyrkagar til bønder som ville omstille eller ha ei attåtnæring som meldte interesse for kurset. «*Bondens Marknad har i fleire år ynskja å få fleire grønsaker inn. Eg visste om nokre økomidlar, og noko restmidlar, og så tenkte me at no får me til ei grønsakssatsing med mål om å auke grønsaksprodusentar på Bondens Marknad. Og sidan Marknadshagekonseptet appellerte til så mange pakka me det inn i det,*» fortel ho.

I tillegg til at marknadshagemodellen fremjar intensiv dyrking på små areal, legg den òg opp til at produsenten sjølv står for alle ledda i omsetnaden. «*Marknadshage er eit bra ord, fordi*

*det er så viktig å ha med marknadstenking frå dag éin. Viss du ikkje likar å selje og har tanken på å møte kundar så tenkjer eg at grønsaksproduksjon kan ein gløyme, eller så må ein finne ein annan strategi. Det å produsere grønsakene er sjølvsagt viktig, men kjem du deg ikkje ut med varene dine og er villig til å ta den jobben, så kjem du ikkje vidare,»* seier Frøydis. Ho legg vekt på at verdiskapinga i grønsaksdyrkning for vestlandsprodusentar ligg i direktesal, der det er kvalitetar som kortreist, mangfald og transparens i produksjon, heller enn stort volum, som syter for inntening og økonomi i drifta. Fleire av interessentane peiker på at det er ei underdekning i marknaden, særskilt i Bergen, og at det bynære marknadshagelandbruket har stort potensiale.

Men det viser seg òg at denne modellen kan vere gunstig for produsentar som ikkje bur i umiddelbar nærleik til Bergen. Katinka driv eit andelslandbruk etter marknadshagemodellen i Ulvik og seier fylgjande om potensialet i grønsaksproduksjonen: «*Her er det ikkje mogleg med traktorjordbruket. Det er mange gardar med små areal, der ein ikkje greier å få lønsemnd på volumproduksjon. I marknadshagar og småskala grønt er arealet så produktivt at ein kan ha det som ei veldig fin attåtnæring om ein har nokre mål med god fulldyrka jord som ein elles nytta til gras til fem sauar*». Kari Sigrun i Vestland Bondelag deler oppfatninga til Katinka, og set sokjeljoset på folk. «*Det er folk som er problemet, at dei må finne saman å tenke annleis. Eg er heilt sikker på at me kan produsere mykje meir grønt i Vestland, men her er halvparten mjølkeprodusentar. Er det noko me har nok av så er det små lappar, og i staden for å ha 12 sauar så kunne du hatt 1000 epletre. Eg er heilt sikker på at du hadde tent meir på dei 1000 epletrea enn dei 12 sauene.*» Dei to talar for lønsemda i grønsaksproduksjon som attåtnæring fleire stader i vestlandsregionen.

Med Reko-ringanes inntog i den alternative salsmarknaden er det nemleg endå ein plattform å få selt grønsakene sine på for mindre produsentar. «*Reko-systemet passar godt for grønsaksbonden. Ein betaler på førehand og då veit ein kor mykje grønsaker ein må ta med til utleveringa. På Bondens Marknad får ein kanskje seld 10 kg kål, kanskje 8 kg,*» seier Heidi i Fylkeskommunen. Reko-administrator Irene er einig med Heidi i at føreseielegheit er eit stort føremøn med Reko-ordninga. «*Eg trur Reko har mykje å seie for utviklinga av småskala grønsaksproduksjon på vestlandet. Eg trur mange har kvidd seg for korleis dei skal få seld varene sine. Med gardsbutikk og Bondens Marknad er det meir risikosporet. Reko er meir føreseieleg.*» Ho legg til at det òg aukar lønsemda for bonden. Det har ho sjølv opplevd: «*Me*

*såg at det å selje varene sjølve ville ha større forteneste. Det er mange mellomledd som i dag et mykje av "kaka", prisen ein betalar i butikk.»*

Matthijs i Bondens Marknad er einig i at Reko-ordninga passar grønsaksprodusentar godt, og særskilt i byrjinga for å få forståing for salsbiten i produksjonen. «*Det er ein enklare start å selje grønsaker på Reko, du kan bli kjend med produkta, korleis du seljer, prissetting og merkevarebygging. Så trur eg det neste steget kan vere Bondens Marknad, når ein har kome så langt at ein har tillit til eigne system, volum, gardsdrift og kan bruke meir tid på kommersialisering og sal.*» Han legg til at dei har lempa på ein del av avgiftene for å tiltrekke seg grønsaksprodusentar. Dei saknar sårt grønsaksprodusentar på marknaden, og han vonar dette kan seinke terskelen for produsentar til å stille. «*For grønsaksprodusentar har me fjerna medlemsavgifta. Og så betalar det berre omsetnadsavgifta på 6% om dei får inn meir enn 5000 kr. Men om det gjer terskelen for høg, kan me òg finne ei løysing så dei slepp å betale den. Grønsaker er som ein missing link i tilbodet vårt, og me veit at folk leiter etter det. Folk betalar gjerne gode pengar for salat frå ein gard i nærleiken. Ja, så det er litt synd at me ikkje har greidd å få det meir inn allereie. Eg vil legge til rette for å få inn fleire grønsaksprodusentar på marknaden,*» slår Matthjis fast.

Det er fleire føremon ved denne dyrkingsmodellen som melder seg under intervjuet. Ida, fersk bybonde i Bergen, peiker særskilt på det sosiale aspektet ved ein meir transparent produksjon i mindre skala. Ho jobbar med både bønder og øvrig befolkning for å bygge ned skiljet mellom gruppene, og få meir openheit om korleis mat produserast og kva kompetanse og kunnskap bønder sit på. «*Småskala grønsaksproduksjon i urbane strøk, er ein del av ei grøn og sirkulær framtid. Me samarbeider med mange som ikkje har noko forhold til dyrking, for å bruke det til å kople folk saman på tvers av samfunnsstrukturane,*» hevdar ho og peiker på at interaksjon rundt matproduksjon kan bidra til å auke forståing og samhald.

### Veksande og engasjert miljø

Ida seier vidare at det har kome fleire produsentar til berre dei tre åra ho har vore tilsett som bybonde. «*Då eg blei tilsett i 2018 var det ingen som dyrka grønt for sal i Bergen, men det er det fleire som gjer no. Så ein ser meir rørsle i dette på berre dei siste åra,*» seier ho. Kari Sigrun meiner ei auke i produsentmiljøet, og at miljøet er engasjerande og lærevillig, er ein føresetnad for å skulle halde fram å drive som produsent. At miljøet er veksande og at dei som

kjem til er villige til å prøve nye ting og kanskje sprengre nokre grenser meiner ho er med på å få fleire inn i landbruket, men òg å bidra til at folk blir der. «*Landbruksyrket er det mest einsame og kjedelege ein kan drive med. (...) Ein ting er å gjere det, og ein annan ting er å bli her. Hadde det berre vore konservative folk som ikkje ville noko, så hadde eg reist att. For det går an. Det må vere litt moro*». Erik, grønsaksprodusent i Hålandsdalen, meiner bønder flest har denne kunnskapssøkjande eigenskapen, òg av praktiske grunnar. «*Bønder er ganske nysgjerrige. Dei er veldig sånn, dei er svoltne på å lære meir, for ein veit jo at kunnskap er ein billig måte å auke effektiviteten sin på. Ein må vere ein luring skal ein overleve som bonde.*» Han seier seg einig i at det har vore ei stor auke produsentar som vil starte opp og interesse frå øvrig befolkning, særskilt dei siste åra.

### Spenn i kompetanse og spreidde fagmiljø

Som fylgje av den aukande trenden og satsinga på småskala grønt i Vestland ser interessentane altså ei næring i vekst, med stadig fleire produsentar som kjem til. Men med det veksande miljøet fylgjer òg utfordringar, særskilt knytt til kompetanse. Monica har studert og jobba med undervisning og grønsaksproduksjon ved Sogn jord- og hagebrukskule sidan 2004, og merkar korleis interessa har auka dei siste åra. Særskilt er interessa ny frå folk som ikkje har landbruksbakgrunn, og som kjem til ho med spørsmål. «*Eg opplever ein veldig optimisme. Og så har eg måtte jobbe med meg sjølv, fordi eg opplever at folk kanskje trur at det er enklare å dyrke enn det er. Eg har diverre det inntrykket. Eg føler meg litt ovanpå når eg tenkjer det, men så veit eg samstundes kor mykje jobb det er å få til gode grønsaker*». Ida, bybonde i Bergen, delar oppfatninga til Monica om at ein stor del av dei nye produsentane som satsar på grønsaksproduksjon ofte ikkje har landbruksbakgrunn. «*Og då veit ein ikkje kva gjødselplan er, då veit ein ikkje at spreieareal er ei greie. Det er mykje sånn youtube-kunnskap. Jo meir kompost, jo betre. Du kan aldri gå gale der, eller legge på for mykje. Det er veldig tullete,*» seier ho. Dette uroar òg Aud, som er koordinator for Lokalmatnettverket i Vestland. «*Viss me får ein generasjon av hobbygartnarar som kjem seg i gang utan å ha ein gartner eller nokon slags fagbakgrunn i botnen, så vil dei ha ei ganske lang læringskurve. Og då vil dei komme med feilproduksjonar meir enn kva dei klarer å levere ut kvalitet. Og det kan gå ut over oppfatning hos forbrukar og omdømme generelt*». Hennar rolle i Lokalmatnettverket er å fremje lokal matproduksjon, samt å vere med på å heve kunnskapsnivået hjå lokalmatprodusentar. Ho er uroa for at den nye satsinga på

marknadshage frå forvaltinga treff mange som undervurderer dyrking som yrkesfag og næring. «*Som ein markedshageaktør, så bør ein tenke litt at ein må ha ein slags yrkesbakgrunn. Du sett ikkje ein restaurant i sving utan at du har ein profesjonell eller fagutdanna kokk. Det bør ein ha respekt for i dette faget her og, kanskje ein må ha ein gartnarutdanning,*» seier Irene og får støtte av Erik som delar denne oppfatninga av at somme ikkje sidestiller dyrking med andre fag og yrker.

Det kan altså sjå ut som om grønsaksproduksjonen tiltrekk ein ny type bønder, som ikkje kjem frå landbruket, noko rådgjevingstenesta òg merkar. Gunnlaug er den som har hatt ansvaret for grønsaksrådgjeving i NLR Vest i det siste, og ho peiker på manglande ressursar i rådgjevinga: «*Eg har jo ingen stillingsandel no, det er jo berre mi interesse som gjer at eg gjev råd om grønsaker*». Frøydis hjå Statsforvaltaren har òg intrykk av at rådgjevingstenesta i regionen har manglane ressursar på grønsaker, men meiner det har sin logiske forklaring. «*Det har vore vanskeleg for NLR Vest å prioritere grønsaksrådgjeving, då det som kanskje har vore behov for har vore litt på gulrot og potet i Lærdal. Det er vanskeleg å forsvare ei heil stilling på det,*» hevdar ho.

Ei anna utfordring for næringa er at dei få etablerte produsentane er så spreidde, og at avstandane er lange. «*Viss det er så spreidd, så klarar ein ikkje å skape eit produsentmiljø. Og det trur eg er viktig når ein skal utvikle seg som produsent og lukkast i produksjonen sin. Det ser me i andre produksjonar, at når det blir få att i ei bygd og ein tapar mykje på miljøsida, raknar det ofte for fleire,*» seier Kjersti som jobbar med innovasjon og næringsutvikling i Fylkeskommunen, og peiker på korleis den negative utviklinga i grønsaksproduksjonen nok har vore ein sjølvforsterkande prosess.

#### Få det ut til forbrukar - Alternative salskanalar og ein avgrensa kundekrins i liten omegn

Med lange avstandar, fjell og fjordar, fylgjer komplisert infrastruktur og tidkrevjande forflytting. Marknadshagemodellen og direktesal som del i småskala grønsaksproduksjon krev at produsenten i tillegg til å dyrke, skal stå for pakking og sal, som er tre krevjande prosessar, hevdar Kari Sigrun. Ida frå Bybonden støttar opp om dette: «*Du er absolutt alle ledd. Starte bedrifta, få opp produksjonen, marknadsføring, sal, rekneskapsførar, web-utviklar. Det er langt ifrå å elske å halde på med excel-ark og å elske å halde på med dyrking*». Å stå for alle prosessane tar tid og er arbeidsamt, og Kari Sigrun i Lærdal er usikker på til kva grad det vil

løne seg for alle. «*Viss me får til å selje i nærleiken, er marknadshage bra. Men viss eg skulle kjørt til Sogndal eller Bergen med tre korger med moreller, det ville ikkje løne seg. Det må vere eit visst volum, eller så må ein bu nær der det er mykje folk,*» seier ho.

Og det Kari Sigrun peiker på, med å bu nær der det er mykje folk, tilfører endå ein dimensjon til utfordringa. Ikkje berre er det arbeidsamt å stå for sjølve pakkinga og salet, men å måtte distribuere grønsakene sjølv til lokalsamfunna i omegnen for å få selt heile avlinga, gjer det heile endå meir utfordrande. Kundekrinsen i mange av bygdene på vestlandet er rett og slett for liten, og vert metta for fort. Jon Egil erfarer sjølv dette og peiker på at det vert konkurranse mellom produsentane, noko som er uheldig om målet er å bygge eit miljø for erfarringsutveksling og der ein kan hjelpe kvarandre. «*Alle blir ståande åleine så lenge alle skal handtere den vesle lokale marknaden med same produkt. Ein vert veldig opptatt av å ikkje øydelegge for kvarandre, når omegnen er liten,*» seier Jon Egil. Han er opptatt av at denne måten å drive på ikkje er optimal for nokon. Det hemmar at fleire kjem til, og samstundes hemmar det at enkelte produsentar utvidar sin produksjon. Han held fram: «*Me er fanga av måten me har drive på, billegast mogleg og opp til kvar og ein å satse sjølv. Og så er me fanga av at om me skulle satsa, så ville me kome i direkte konkurranse med dei som vil det same.*»

### Usikkerheit i forvaltinga – å satse eller ikkje?

Utfordringane og usikkerheita knytt til omsetnad og lønsemd for produsentane fører i sin tur til at forvaltinga i fylket ikkje satsar fullt på næringa. Det varierande produsentsjiktet der nokon er veldig profesjonelle, medan andre mest vil dyrke til hobby gjer Heidi i Fylkeskommunen usikker på kva satsinga eigentleg skal eller bør vere. I fylgje ho er det ikkje heilt klart om grøntsatsinga frå fylket er for å auke innteninga til bonden, eit omdømmetiltak, ein ny bonde eller om det er vanlege folk som skal lære seg å produsere og selje litt grønt for å få eit tettare forhold til matproduksjon. Ho er vidare tydeleg på at Fylkeskommunen først og fremst må legge verdiskaping i næringa til grunn, og at det er difor dei prioriterer mjølkeproduksjonen i fylket, og er litt avventande på andre satsingar. Kjersti, som òg er tilsett i Fylkeskommunen, støttar oppom dette, og framhevar i tillegg kor arbeidskrevjande denne forma for dyrking kan vere. «*Småskala grønsaksprodusentar skal ha kompetanse heilt frå byrjinga, frå ein bearbeider jorda og til utlevering til marknaden. Ein skal ha heile verdikjeda sjølv. Og dette skal skje på sommarstid, mesteparten av arbeidet. Og litt, dette er inntrykket*

*eg har, litt tilbake til hakke og spade kanskje. Dei store har maskiner og investerer utstyr, og det er lettare. Du får det effektivt. Medan dette blir å gå nokre steg tilbake og krev meir innsats. Samstundes er det mindre investeringsrisiko».* I motsetnad til husdyrproduksjonen, legg småskala grønsaksdyrkning opp til at produsenten skal stå for heile verdikjeda sjølve, og det er det blanda haldningar til. Skepsisen ligg først og fremst i om det er økonomi i det, og om det er ein effektiv og haldbar måte å dyrke på for produsentane utan at dei slit seg ut. Ho får støtte frå Kari Sigrun i Bondelaget, som òg er opptatt av å halde fast ved næringsaspektet. «*Eg er redd for at marknadshagesatsinga blir for smått. Eg er redd folk er veldig positive, og så skjønar dei at det er kjempemykje arbeid for dårlig løn. Me må ikkje bli så små og putlete at det blir hobby. Det er ikkje næring.*» Det kokar ned til eit behov for å vite meir om verdiskapingspotensialet til den småskala grønsaksdyrkingsa, og Heidi seier det slik: «*No er me i ein læringsfase når det gjeld økonomien for bonden, då dette er ganske nytt. Hovudoppgåva vår [forvaltinga] er å bidra til verdiskaping i landbruket, og at bøndene skal tene meir pengar. Ein kan ikkje ha eit landbruk som berre er basert på ildsjelar sånn som det er i dag.*»

I tillegg er det ei felles oppfatning av at husdyrnæringa står sterkt hjå bonestanden i mange av lokalsamfunna. Knut, som er produsent på Voss, men òg ein distributør eller grossist, seier han har prøvd å få fleire til å dyrke litt grønsaker i nærområdet. Han har òg oppfatninga av at husdyrproduksjonen har ein særeigen sterk posisjon, og at det soleis er utelukka for mange å skulle drive med grønsaksdyrkning. «*Me har alltid etterlyst meir produksjon her på Voss, og har heile tida sagt at me sikkert kan kjøpe det. Men det har vore veldig lite respons på det. Vossingen, det er gras. Det er mjølk og kjøt,*» hevdar han.

## 2. Interaksjon mellom interessentar: Kva relevante aktivitetar og tiltak finst?

### Marknadshageprosjekt og støtteordningar hjå forvaltinga

Det som kom fram frå flest då kartlegginga av interaksjon og møteplassar stod for tur, var ringverknadane frå marknadshagekurset. Matthijs i Bondens Marknad seier han merkar korleis aktiviteten har auka etter Statsforvaltaren og Bondens Marknad gjekk saman om satsinga: «*I samarbeid med Statsforvaltaren starta me eit marknadshage-prosjekt, og det har gått no i ca. 2 år. Det har blitt mykje meir aktivitet rundt grønsaker med folk som har fått*

*tilgang på ein gard eller har ein gard og småbruk».* Sogn jord- og hagebruksskule har òg merka ringverknadane frå kurset, og viser til at Statsforvaltaren har vore veldig proaktiv. «*Det har vore stor forskjell dei siste to åra. Dette marknadshagekonseptet er kome så voldsomt inn. Og Statsforvaltaren er veldig på SJH og vil at me skal halde kurs. At me skal vere meir synleg i grønsaksproduksjon,*» seier Monica. Maj Britt som er tilsett i Innovasjon Norge er òg einig i at kursa har skapt mykje aktivitet, og at dei gjev nye og naudsynte rom for interaksjon. «*Me merkar ei stor interesse sidan det er så mange deltakarar på marknadshagekursa. Der skapast det etterkvart eit miljø for erfaringsutveksling,*» seier ho. I 2019 kom det i tillegg ei øyremerka støtteordning for småskala grønsaksproduksjon hjå Innovasjon Norge. Det har vore fleire ordningar for attåtnæringar og lokalmatsal i Innovasjon Norge tidlegare, men det kom altså ein ny øyremerka pott for tre år sidan. Erik, som har produsert grønsaker i mange år, ser på den nye støtteordninga som eit veldig tydeleg retningsskifte. «*Det første eg har sett som har endra seg på mine 14 år i bransjen, er denne Innovasjon Norge-potten, at dei skal satse på småskala grønt. Då eg bygde saueffjøs på garden i 2014 kunne eg søke om masse støtte til det, då eg skulle plante frukthage så kunne eg søke om å investere til nyplanting. Men til grønsaksproduksjon så fanst det ingen, det var ikkje noko program. Det var liksom første gong i 2019, trur eg, at det kom.*» Han seier seg vidare einig med Monica i at Statsforvaltaren òg har vore utruleg viktig som pådrivar for marknadshagesatsinga i Vestland.

## Kurs, råd og markvandring

Det er altså stor semje om at marknadshagekursa og samlingane i samband med det har vore ein viktig møteplass for erfaringsutveksling og nettverksbygging. Matthijs seier det enkelt: «*Viss du setter folk med same interesse på eit langvarig kurs, så vil dei føle seg litt knytta til kvarandre. At de sit i same båt og tenker løysingar saman. Eg har oppfatta at alle snakkar med kvarandre om korleis ting går og stiller spørsmål til kvarandre.*» Vidare kan Katinka, som kjenner til korleis det var å starte opp før grønsaksproduksjon blei satsa på, og som no er involvert i gjennomføringa av kursa, stadfeste at det er viktig med eit miljø, både for råd og kunnskap, men òg for samhald. «*Me sakna fadderordningar, markvandringar og rådgjeving då me starta opp. Me følte me ikkje fekk vere med i eit miljø. Det prøver me å bøte på no med marknadshagekursa og samarbeidet med Statsforvaltaren. Det skal vere lettare for folk å føle seg del av noko.*» Det er tydeleg at interessentane meiner møteplassar og rom for erfaringsutveksling er viktig for utviklinga av næringa.

## Alternative salskanalar

Ein viktig møteplass for særskilt produsentar og forbrukarar, er på marknadar og utleveringar. Her treff ein andre forbrukarar og ein kan kjenne på at ein ikkje er den einaste som driv med dette. «*Me samlast digitalt, og så møtest me på utleveringane. Det blir eit slags miljø mellom oss der, og det synest eg er kjempeverdigfullt. Bondeyrket er utruleg einsamt. Så eg får veldig mykje meir nettverk gjennom Reko, fordi eg blir kjend med nye og snakkar med folk på utleveringane,*» seier Irene, som driv gard og også er administrator for fleire Reko-ringar. Det er òg verdifulle møteplassar på nettet, som ho nemnar, der dei både har eigne administratorgrupper, og offisielle grupper for dei enkelte ringane. Her kan ein sjå kven andre som dyrkar, kva dei dyrkar og kva dei sel, og det kan vere startskotet for erfaringsutveksling eller heilt enkelt eit forum for å stille spørsmål.

## Mentorordning

Interessentane peiker på at slike forum for erfaringsutveksling er sentralt for å heve kompetansen til dei nye produsentane, ved å skape eit produsentmiljø der ein kan lære av kvarandre. Og for nye produsentar, kan det lette mang ei bør å ha gode førebilete. Å kjenne til nokon som kan det, og som kan kjenne seg igjen i korleis situasjonen er. Ei mentorordning, eller fadderordning, er difor på plass, for at nye dyrkarar enkelt skal kunne kontakte meir erfarte med spørsmål eller for råd. Heidi i Fylkeskommunen anerkjenner dette som eit sentralt steg på vegen mot ei auke. «*For å verkeleg få ballen til å rulle må du få gode døme med folk som har klart å tene pengar på det. Og så må ein legge til rette for at dei små får profesjonalisert seg, at det er semje og føreseielegheit i pris og kvalitet*». Med mentorordninga er det dette ein vil legge til rette for at skjer. For nye produsentar eller folk som vurderer å satse på det som næring, har det òg mykje å seie at nokon har gjort det før ein. Ida, som no er bybonde i Bergen, har òg planar om å starte opp som småskala grønsaksprodusent etter kvart. «*Det er lettare for meg å starte sidan eg kan seie "me skal gjere sånn som Katinka Kilian i Ulvik". Viss ingen hadde gjort dette før, så trur eg at eg hadde møtt mykje meire skepsis, og det hadde vore vanskelegare,*» seier Ida.

Leif i Bonde- og småbrukarlaget trur slike mentorordningar kan løyse mange av utfordringane knytt til den lokale kunnskapen som trengst for å dyrke i ofte ulendte og vêrutsette område. Han seier følgjande: «*Det er ikkje berre enkelt å få tak i kompetanse. Det handlar mykje om lokale tilhøve, det er ikkje likt på kvar plass. Men med mentorar og nettbaserte kurs er det store moglegheiter.*» Nettbaserte kurs og digitale møteplassar har fått ein oppsving i 2020, kan ein med tryggleik stadfeste. For utviklinga av ein småskala grønsaksproduksjon i Vestland, med lange avstandar og spreidde produsentar, kan dette vere ein gunstig plattform for erfaringsutveksling, eller berre sosialisering. «*Det er bra å ha møteplass på web i tillegg til markvandringane. Det er ein del møteplassar no,*» hevdar Ida. I tillegg kan ein nytte sosiale media til innkjøps- og maskinsamarbeid, og gruppa «Marknadshagar på Vestlandet» nemnar fleire som eit viktig forum. Erik seier: «*Ein lånar maskiner og har innkjøpssamarbeid, folk sender berre melding på Facebook.*» Interessentane er alle einige i at det er viktig med eit godt fagmiljø for å trivast og for å kunne utveksle erfaringar og kunnskap. Jon Egil seier det slik: «*Det er unekteleg givande å møte andre produsentar, reint fagleg og menneskeleg.*»

### 3. Manglande interessentar, interaksjon og strukturar i systemet som hindrar ei berekraftig auke og utvikling av småskala grønsaksproduksjon i Vestland fylke

#### Mangel på rådgjeving og ekspertar

Dei fleste nemnar at det er mangelfulle ressursar i NLR Vest på grønsaker. Kari Sigrun seier det rett ut og slår fast: «*Det er ikkje tilstrekkeleg kompetanse i NLR Vest på grønsaker.*» Det er til dels blanda oppfatning om kor akutt dette behovet er, for som Frøydis seier er det først når ein har forstått det grunnleggande at NLR vert relevant å rådføre seg med.

Rådgjevingstenesta har ikkje som oppgåve å lære folk frå botnen av korleis ein dyrkar grønsaker, men det vil kome eit behov for faglege råd når produsentane vert meir erfarne.

Desse råda er NLR Vest i stor grad kapable til å gje ne, meiner Frøydis, og peiker heller på at næringa må kome opp på eitt visst nivå før NLR har ei rolle å spele. «*Etter kvart som marknadshageprodusentane lærer seg meir om dei komplekse systema får dei kanskje meir bruk for NLR sin kompetanse på finjustering av gjødsel o.l.*» Gunnlaug i NLR seier seg til

dels einig i dette, og seier ho «*trur dei greier seg, altså, utan rådgjeving, men at me absolutt skulle hatt meir rådgjeving på plass for å få meir fart i det, ja*».

### Fagleg oppdatert forvalting

Bemanninga i forvaltninga kjem òg tydeleg fram som ein mangel i systemet. Det er vanskeleg å halde seg fagleg oppdatert når ein skal setje seg inn i så mange ulike næringar og problemstillingar. «*Fylkeskommnen kan ha hatt ønske og ambisjonar om mangt og mykje, men når du ikkje har naudsynte personalressursar til å fylgje det opp, avgrensar det oss*,» seier Heidi i fylkeskommunen, og forklarar at det fører til ei strengare prioritering enn dei kanskje hadde ynskja. Maj Britt i Innovasjon Norge peiker òg på utfordringa knytt til ei nysatsing som denne. «*Me får ikkje meir stillingsressursar sjølv om det kjem nye ting frå departementet. Men me tok denne satsinga på alvor og tenkte at me måtte gjere noko for å få pengane ut*.» I forvaltninga står Statsforvaltaren fram som den mest fagleg oppdaterte, og òg som ein slags fasilitator for heile satsinga, som har tatt mykje initiativ til utvikling og samling av næringa.

Nokre av interessentane, bl.a., Maj Britt, peiker på at dette til tider har hemma utviklinga og omfanget av satsinga. «*I Vestland fylke er samarbeidet godt, men det kan avogtil vere utfordrande å halde seg fagleg oppdatert på sakene. Det har vore hindrande for den småskala grønsakssatsinga, at ikkje alle i forvaltninga har vore godt nok fagleg oppdatert. Det sinkar prosessen*.» Til dels negative haldningar til næringa har òg kome fram, i fylgje Maj Britt. «*Å bli møtt med "er det noko vits å halde på med sånne putlerier" blant kollegaer i forvaltninga, seier mykje. (...) Du set deg ikkje inn i det når du slenger ut at dette er noko putlerier. (...) Eg svarar jo med at det er derfor me vil ha kursing på dette, for å styrke dei fagleg sånn at det ikkje vert oppfatta som "putlerier" ute i marknaden. Dei må framstå som proffe grønsaksprodusentar når dei skal stå på torget og selje. Då må dei ha det faglege i botnen. (...) Men det er heilt internt og det er god takhøgd her, så det vert ikkje därleg stemning mellom oss*». Fleire i forvaltinga etterlyser fleire ressursar med større fagleg forståing for denne typen produksjon.

### Organisasjon

Å etablere ein sentral organisasjon for næringa er noko som fleire nemner at hadde letna mange av utfordringane. Maj Britt i Innovasjon Norge meiner det ikkje finst, rett og slett fordi det er for få produsentar, og at ein ikkje endå har ein kritisk masse å organisere på. Dette er dei fleste interessentane einige i. «*På småskala er det ikkje noko fagleg nettverk endå. (...)* *Det er for få produsentar til å kunne organisere på det.*» Det er stor semje om at eit nettverk eller ein organisasjon er naudsynt for å stå sterke som næring. Heidi i fylkeskommunen peiker òg på det økonomiske aspektet ved å vere organisert: «*Det er noko med å ha eit fellesskap å diskutere og lufte ting i. Og det er lettare for eit miljø å få tilført pengar når dei høyrer til ein organisasjon,*» seier ho. Det vert òg peikt på at når ein er organisert er det lettare å stille krav og å fremje interessane sine. Kari Sigrun, som er medlem i samvirket Lærdal Grønt, kjenner dette på kroppen. «*Gjennom Lærdal Grønt kan me stille krav, sidan me er organiserte. Kvar for oss har me ingenting me skulle ha sagt.*»

## Produsentsamarbeid

I tillegg til ein sentral organisasjon, saknar mange produsentsamarbeid for særskilt maskindeling, innkjøp og distribusjon. «*Det tar tid å få ting ut til marknaden. Kanskje bøndene må samordna seg om transport og den biten. Me er jo litt tilbake til starten, samvirke kom jo ein gong. No skal enkeltbønder stå for heile prosessen. Ein ser sikkert at viss ein samarbeider litt meir, så sparar me tid og det er til det beste for alle,*» seier Kjersti i Fylkeskommunen. Katinka og Erik peiker òg på at det vert dyrare om alle skal kjøpe kvart sitt. «*Gjerne få opp samabeid om transport og logistikkloysingar, om innkjøp. Det er veldig dyrt å kjøpe inn ting til vestlandet ofte, veldig mykje fraktkostnader,*» seier Katinka.

Jon Egil peiker på behovet for organisering og auka samarbeid, men at det er utfordrande når det ikkje er ein kritisk masse av produsentar. Han meiner allikvel det er heilt naudsynt for å profesjonalisere og auke omfanget av produksjonen i vest. Eit meir omfattande produsentsamarbeid må til for at det ikkje skal vere alle mot alle, både når det gjeld omsetnad, men òg når det gjeld utveksling av kunnskap og erfaringar, meiner han. Det verkar som dei fleste interessentane deler oppfatninga om at produsentane bør etablere forum for kunnskapsutveksling, innkjøp, maskinsamarbeid og distribusjon. Matthijs i Bondens Marknad vonar òg det vert etablert eit godt nettverk, men lyftar fram at det er ressurskrevjande å skulle drive det. «*Å etablere eit nettverk kjem med litt investering, så difor håpar eg òg at gjennom*

*markedshageprosjektet, at dei kjenner kvarandre litt betre og har eit mini grønsaksnettverk, og at dei kan halde fram med samarbeidet.»* Katinka peikar òg på denne administrasjonsutfordringa med å ha ein organisasjon. «*Kven skal halde i det? Ein del sånn type ting, skal alt det ansvaret over på ulønna enkeltpersonar? Kan NLR overta noko? Kan jordbrukskulane overta noko?*», seier ho.

### Inkludering av alternative salskanalar

Vidare ser ein at når det gjeld interaksjon mellom interessentgruppene, er det forbettingspotensiale på somme område. Det kjem fram av intervjeta at ein auka og betring av kommunikasjonen mellom forvaltingsleddet og dei alternative salskanalane, nok kunne gitt positive utfall for både. Irene i Reko seier kommunikasjonen mellom forvaltinga og Reko har vore heilt fråverande. «*Eg har ikkje opplevd at myndighetene kjem til oss for innspel, eller at dei er involvert på nokon som helst måte. (...) Eg føler ikkje Reko blir framsnakka i det offentlege, eg har aldri sett noko i media eller at det blir nemnt som ein sak eller eit konsept i det heile,*» seier ho, og legg til at ho trur dei både kan stille med relevant kunnskap og erfaringar inn i utforming av strategiar som gjeld omsetnad av lokal mat. Heidi i Fylkeskommunen deler òg oppfatninga til Irene og seier fylgjande: «*Reko har me ikkje noko dialog med, og det kunne me eigentleg ha hatt, det hadde nok vore fint.*»

Bondens Marknad peiker òg på at dei kanskje sit på mange av svara som forvaltingsleddet leiter etter. Matthijs meiner erfaringane dei har frå røynda kan gje verdifull innsikt når ein skal utforme planar og strategiar, og etterlyser å bli inkludert meir, og å bli fremja meir som lokalmatinitiativ frå det offentlege. «*Myndighetene leiter etter svar som eg trur me kan gje dei, med ekte tal og erfaringar frå dei siste 5-6 åra. Det er veldig rart, viss du lagar ei skisse for torgstrategi og du ikkje ringer meg eller styret i Bondens Marknad Bergen, ja, det synest eg er veldig rart. Me har eit godt system og er berekraftig på alle plan. Alle veit at me har fokus på norsk landbruk, norske råvarer, sporbarheit og småskalaproduksjon osv. Det er òg bakkestyrkt. Så eg skjønar ikkje kvifor me ikkje blir brukt når dei snakkar om lokal mat i ein by, eller på bynivå, det er veldig merkeleg,*» hevdar Matthijs.

### Inkludering av rådgjevingsteneste

Kommunikasjonen mellom rådgjevingstenesta og statsforvaltaren har heller ikkje vore optimal i grøntsatsinga, noko òg både partar er klare over. Gunnlaug i NLR seier om førebuingsperioden og utforminga av marknadshageprosjekta at: «*der har det vel eigentleg knirka litt, men no trur eg me har fått til eit samarbeid med Statsforvaltaren. (...) Me følte vel i NLR vest at me ikkje vart tatt med og vart tatt med på alvor (...)*». Frøydis i Statsforvaltaren seier seg einig i det, og grunngjев det med at ho kjente til dei manglande ressursane i regionen. «*Eg kjenner kompetansen i NLR Vest godt, så eg gjekk heller rett til det sentrale leddet då me skulle starte med grønsaksdyrkekurs, då kompetansen på dette i Vest er mangefull.*» Ho poengterer vidare at ho innser at ho burde kommunisert tydlegare og betre med NLR Vest heilt frå start, og tatt dei med i prosessen. Gunnlaug peikar på at dei på dei fleste område har eit godt samarbeid, men at det heller ikkje er ein heilt ukjend situasjon. «*Miskommunikasjon mellom oss og Statsforvaltaren er jo personavhengig, men det er ikkje noko heilt ukjend. NLR er ei privat rådgjevingsteneste, og er soleis kanskje ikkje så lett å forhalde seg til, eg veit ikkje. Men på andre område synest eg samarbeidet har vore godt,*» hevdar ho.

### Mangelfulle tilskotsordningar

Noko anna som blei peikt på, særskild frå dei meir erfarne produsentane, var at tilskotsordningane for å stimulere til grønsaksproduksjon er særsmangelfulle. Erik, som både er husdyrprodusent og grønsaksprodusent seier dette: «*Eg har kanskje 3-4 mål med grønsaker, og for det får eg 4000 kr i produksjonstilskot frå staten. Så har eg 90 sauver, og for dei får eg 250.000 kr i produksjonstilskot frå staten. Men eg omset for dobbelt så mykje i grønsaker som eg gjer i kjøt. Det er ein heilt håplaus vridning på produksjonstilskot mot kjøtproduksjon i høve til lokal grønsaksproduksjon.*» Katinka peiker òg på ein mangel i avløysartilskot, som gjer grønsaksprodusentane ekstra sårbare: «*Det som gjer det vanskeleg for oss å drive er nettopp den sårbarheita med at det ikkje er nokre avløysarordningar. Me har inga sikkerheit, me har låge lønningar og det gjer det vanskeleg å sette til side pengar til forsikring og hjelpe, i tillegg til at det er kompleks drift som krev mykje opplæring. Om ein kunne fått subsidiar for dette, kunne kanskje dei ekstra pengane vore nok til å lære opp nokon, og ha nokon i bakhand, då.*» Monica på SJH meiner òg tilskotsordningane er modne for ein oppdatering, og meiner det bør takast meir omsyn til arealføresetnadane på vestlandet. «*Støtteordningane for småskala grønsaksprodusentar bør diskuterast politisk, og bør*

*tilpassast at ein ikkje produserar på store areal. Arealstønaden treff ikkje dei små.»* Dei tre er tydelege i at dei offentlege tilskotsordningane i landbruket ikkje famnar godt nok om småskala grønsaksproduksjon eller at det gjev føremon til andre produksjonar, noko som dei meiner kan hindre folk i å satse på denne næringa.

### Manglande dokumentasjon

Alle interessentane i forvaltinga, altså Statsforvaltaren, Fylkeskommunen og Innovasjon Norge peiker på mangelfull dokumentasjon for verdiskapinga i næringa, og nemnar det som hovudgrunn til at det ikkje vert satsa endå meir på. «*Det blir sagt at det er ein marknad som er underdekt på lokale grønsaker, men det er veldig lite dokumentasjon på dette. Eg er opptatt av at bøndene skal tene pengar på dette, og eg har sett lite dokumentasjon på kva dei kan forvente,*» seier Kjersti i Fylkeskommunen. Maj Britt i Innovasjon Norge seier det òg er mangel på dokumentasjon, særskilt på kva forbrukar faktisk vil kjøpe og kor stor kjøpevilje som finst der ute. Dette skapar usikkerheit knytt til satsing, då forvaltinga ikkje meiner dei kan garantere god nok omsetnad for produsentane i næringa. Dei seier dei ikkje vil lure folk som er optimistiske og positive inn i eit arbeidsamt yrke som det ikkje er sikkert at ein tener nok på. Heidi i Fylkeskommunen seier vidare fylgjande: «*Me er nok ikkje all in. Me heier på det og støttar det, men me er litt avventande for å sjå kva resultat det kan gje.*» Å få meir dokumentasjon på omsetnaden og produsentøkonomien er heilt avgjerdande for at forvaltinga skal prioritere å satse på grønsaksproduksjon i vest, vert det altså stadfesta frå fleire hald.

Det gjer situasjonen vidare vanskeleg når ein ikkje veit om grønsakssatsinga på nasjonalt plan, og særskilt dei øyremerka midla i Innovasjon Norge, er ei langsiktig satsing eller om den speglar ein kortvarig trend i samfunnet, og vil forsvinne så fort bylgja er over. «*Me veit ingenting om det er ein langsiktig tanke bak satsinga. Desse midlane [dei øyremerka midla hjå Innovasjon Norge] får me ein gong i året. Det burde finnast andre midlar som er langsiktige,*» seier Maj Britt i Innovasjon Norge

### Sal av grønsakene - føreseielegheit for sal

For grønsaksproduksjonen i vest, som baserer seg på små areal relativt til produksjonen på austlandet spesielt, er det vanskeleg, og kanskje umogeleg, å møte volumkrava til grosisstane og daglegvarekjedene. Knut, som sjølv har starta opp med ei mindre grossistverksemd, hugsar tilbake til å forsøke å kome inn på denne marknaden. «*I starten var me interessert i å leve til butikk. Men der tar kjedene kvelertak på alle sånne initiativ. Eg anser ikkje dei som ein samarbeidspartnar i det heile tatt, det gav me opp for mange år sidan. På gamle samvirkelaget hadde me eit godt samarbeid med ho som var ansvarleg for frukt og grønt, men ho fekk beskjed frå regionskontoret i Årdal at viss ho ikkje slutta med det så måtte dei kanskje vurdere stillinga hennar.*» Kari Sigrun i Bondelaget er òg produsent og medlem av Lærdal Grønt. Det fungerar altså som eit type samvirke, der dei fordelar ein volumkvote frå Bama mellom fleire produsentar. Ho meiner daglegvarekjedene og dei store grossistane gjer det vanskeleg å skulle bygge opp ein solid norsk grønsaksproduksjon. «*Eg meiner kjedemakta er veldig stor, og ein vert heile tida stilt mot importen. Bama er ein konvensjonell marknadsaktør og vil berre selje norsk så lenge kundane vil ha det, så dei har ikkje eit forhold til norsk landbruk i det heile. Sånn er det vanskeleg å bygge opp norsk produksjon, då det mest vert som rusk i systemet for dei,*» seier ho. Ho meiner dette òg har negativ innverknad på omdømmet norsk mat har hjå forbrukar. «*Det viktigaste me gjer er å få forbrukaren med på vår side. Men det er vanskeleg å slå eit slag for den norske smak, når me må hauste umodne varer sidan dei skal fraktast til austlandet og så til nord-Norge. Då smakar våre varer det same som dei tyrkiske, som òg er frakta langt. Det einaste eg kan tilby det norske folk er den norske smaken, modna på treet. Me kan aldri konkurrere med import på pris.*» Ved å leve i større skala til eit sentralisert distribusjonsledd mistar ein altså særskilt smaksføremonane lokale og heilt modne råvarer har, og som vert ein av styrkane dei alternative salskanalane og lokale markandane har. Leif i Småbrukarlaget delar oppfatninga til Knut og Kari Sigrun om at grosisstane og kjedene gjer det vanskeleg å kome inn i ein større produksjon og marknad som produsent på vestlandet, men peiker på moglegheitene som ligg i dei alternative salskanalane. «*Med alternative salskanalar slepp ein denne krigen med dei tre store omsetnadsledda. Viss ein får det til på reko eller andelslandbruk, er det absolutt marknad ute og går.*»

Og det viser seg at dei fleste interessentane meiner marknadspotensialet er stort for grønsaksnæringa i dei alternative salskanalane. Heidi i fylkeskommunen peikar allikavel på ei hindring, som òg knyter seg til det varierte produsentsjiktet og dei alternative og mindre organiserte salskanalane. «*Det er såpass sug i marknaden at ein ikkje treng å gjere noko særleg marknadstilpassing. Kundane vil gjerne ha kva som helst. Og sidan ein del ikkje er*

*profesjonalisert nok kan prissetting vere ei utfordring. Nokon som vil leve av det vil kanskje prise gulrøtene annleis enn nokon som har ein flekk med gulrøter i hagen og tenkjer det er fint å selje på Reko.*» I tillegg til usikkerheita rundt prissetting er det òg eit hinder for profesjonaliseringa av produksjonen at det grunna uføreseielegheita i direktesalskanalar er umogleg å planlegge avlinga si for produsentane. For Jon Egil, som tidlegare har produsert for levering til Gartnerhallen medan dei var tilstades som grønsakssamvirke på Vestlandet i større grad, meiner føreseielegheten er ein føresetnad for å kunne planlegge ein produksjon. Han ser store utfordringar ved å ikkje vite kor mykje ein kjem til å få selt. «*All produksjon bør ha eit fast tilhald til levering, elles kan ein ikkje planlegge noko. Sånn kan ein få ei formeining om nivået på omsetnad,*» seier Jon Egil. Ida, bybonde i Bergen, hevdar vidare at grønsaksprodusentane kanskje kjenner på ein nervøsitet, knytt til dei uføreseielege sesongane. «*Det er tryggare med sau, beite, kjøt og mjølk, her, det er ikkje tilfeldig at det er mest av det,*» seier ho. Ein er avhengig av å få ei avling, og å få selt avlinga si som matprodusent. Forståing for uføreseielegheit, planlegging og eit likt prisnivå på råvarene vert altså peikt på som viktige aspekt for at direktesalskanalane skal auke i relevans og omsetnaden likeeins.

## Rekruttering og tilrettelegging

Sidan produsentsjiktet består av mange ulike aktørar, som vil ulike ting med dyrkinga si, er det kanskje vanskeleg å få grep om kva næringa faktisk er. «*Det er ein litt brokete forsamling, der folk kanskje har veldig ulike motivasjonar. Nokon vil ha det som jobb, nokon vil ha det som hobby,*» seier Heidi i Fylkeskommunen. Kollega Kjersti peiker òg på at det er vanskeleg og ressurskrevjande å rekruttere til ei næring som sprikar såpass. «*Det er veldig mange aktørar i denne sjangeren. Og no blir det brukt mykje pengar på å få til forholdsvis lite. Me har gitt midlar på 5,5 millionar det siste året som eg kjenner til. Og då er målet å få 70 daa meir og kanskje 5-10 produsentar. Det er ein veldig kostnadskrevjande måte å rekruttere på. Kanskje det burde vere meir målretta. No skyt ein litt sporv med kanon, synest eg.*»

Noko anna som gjer rekrutteringa vanskeleg er kor ressurskrevjande det er for folk utan odel å få kjøpt jord. Erik, Katinka og Ida peiker alle på dette som ei viktig hindring, og Erik seier det slik: «*Så det er eit problem at mange som faktisk er interessert i landbruk sant, som går naturbruk eller landbruk på VGS, men så ja, så må dei jo arve 5 mill. eller vinne i lotto viss ein skal ha moglegheit til å kjøpe eit gardsbruk.*» Det er dyrt å skulle kjøpe gard, og om ein

tvilar på lønsemada i produksjonen sin i tillegg er det nok mange som vegrar seg for å satse på grønsaksdyrkning som næring.

Gunnlaug i NLR har òg bitt seg merke i at ein del av dei nye ikkje alltid veit kor dei skal gå for å finne riktig kunnskap. Ho meiner det er ein del som har slengt seg med fordi det er ei aukande trend, og at det då ikkje er heilt sikkert at alle som no tenkjer at dei skal få det til faktisk greier det og står i det. «*Det er jo denne her bylgja, nokon rir på bylgja og så. Ja, så eg trur dette her med kunnskap, og ikkje berre vite kor du får tak i ting, men korleis gjer ein det, korleis skal eg få denne kålplanta til å bli til eit kålhovud for eksempel. Kva krevst?*» Erik har liknande oppfatning, og meiner i likheit med Aud i Lokalmatnettverket, som sa at ein ikkje ville starta opp ein restaurant utan fagbrev, at det kanskje manglar ein grunnleggande respekt for dyrking som fag hjå mange av nybegynnarane. Han seier som ho: «*Det er eit håndtverk sant, altså det er jo veldig få som berre ville starta opp ein møbelsnekkerforretning eller rørleggerforretning utan nødvendigvis å ha utdanning og lære og så kanskje jobbe nokon år, før ein åkei, ein går ikkje rett frå å vere lærling eller ingen utdanning til å berre starte ei forretning.*»

## Folkeopplysing

Heilt sentralt er det òg å dokumentere kor interesserte forbrukaren er i å handle lokale grønsaker, samt å syte for at forbrukarar vert medvitne om den lokale produksjonen. Dette jamfør klåre mål frå Helsedirektoratet (2020) og *Klimakur 2030* (2020), der det slås fast at forbrukarens kosthald innverkar på personleg helse og klima. Katinka vil selje varene sine i Bergen, men merkar at det ikkje er så stor interesse som det kanskje burde vore. «*Det er viktig at me jobbar med ein marknad i Bergen, og at forbrukarane vert klare over at dei har moglegheit til å kjøpe kortreist. No er det veldig få som veit om det, og sjølv om det er så stor befolkning synest me det er vanskeleg å nå ut. Samanliknar ein med etterspørsla i Oslo, så stemmer det ikkje når ein veit at Bergen er landets nest største by.*»

Monica og Kari Sigrun meiner òg at forbrukarar bør informerast meir om viktigheita av å nytte norske ingrediensar i matlagninga si. «*Forbrukar må læra opp til å kjøpe grønsaker i sesong, og å kjøpe grønsaker som ikkje fyller dagens standardiserte estetisk krav,*» seier Monica. Dei meiner trenden om å auke grøntinntak er basert på feil ideal, og mykje import. Ei større satsing på å fremje norske råvarer vil vere naudsynt for å behalde truverdet til det

«grøne» kosthaldet. «*Det er mykje flotte tankar og unge folk, men dei må lære seg å lage mat på det me kan dyrke her. Eg hadde hatt lyst til å løfte det norske. Lær dykk og et brokkoli!*» er den tydelege beskjeden frå Kari Sigrun.

# Diskusjon

## Oppsummering – interessentanalyse og vidare resultat

### 1. Motivatorgruppe - Produsentar

Produsentar møter ein del utfordringar i den daglege drifta, men er òg den gruppa som er mest optimistisk for næringa si framtid og tvilar minst på potensialet til auke. Dei etterlyser ein sentral og representativ organisasjon, samt samarbeid knytt til omsetnad, distribusjon, maskinlån og innkjøp. Dette er det semje om at det er behov for, både for å auke lønsemda i næringa, men òg for å kunne stille krav og stå sterke i næringa og i sin posisjon som produsentar. Inntrykket av etterspurnad frå forbrukar er noko ulikt i denne gruppa, men dei fleste meiner at forbrukarane etterspør lokalproduserte grønsaker i større grad enn det dei greier å leve.

### 2. Kontrollerande gruppe - Forvalting og faglaga

Desse meiner i stor grad at produksjonen av småkala grønsaker har potensiale til å auke i Vestland, og at den òg bør det. Men det er brei semje om at det må vere verdiskaping i botn og at den småkala grøntproduksjonen må vere økonomisk berekraftig og næringsbasert. Det trengs ein overgang frå ildsjel-landbruk og idealisme, til eit faktisk lønsamt landbruk som produsentar kan få ei inntekt av, er det fleire som slår fast. Dei etterlyser meir dokumentasjon på verdiskaping i denne næringa, og er litt delt i optimisme og skepsis om kor stor etterspurnaden og potensialet for å auka omfanget av grøntproduksjonen i regionen. Somme sit litt på gjerdet og vil sjå resultat før meir vert gjort, medan andre er meir overtydde om at det trengst ei større satsing og at den trengst no.

### 3. Ekspertisegruppe - Rågjeving, kunnskapsinstitusjon, lokalmatnettverk, omsetnadsledd og bybonde

Desse iakttar småkala grøntproduksjon frå avstand og er tilknytt systemet gjennom fora for erfaringsutveksling og kompetanseheving. Desse er i stor grad optimistiske når det kjem til ei auka grøntsatsing i fylket, men påpeiker kor viktig det er med kunnskap i alle ledd.

Interessentane i denne gruppa har i stor grad ei oppfatning av at det er aukande interesse, både blant produsentar, men òg hjå forbrukar, både som del av ein «grøn trend», men òg som ein reaksjon på næringsutviklinga dei siste 30-40 åra.

Denne undersøkinga visar at det er ei aukande interesse og aktivitet knytt til småskala grønsaksproduksjon i Vestland. Det er litt ulike oppfatningar av kor omfattande den aukande interessa er, og kor stort særskilt det økonomiske potensialet for ei slik næring er. Men for grønsaksproduksjon i Vestland vert det peikt på ei negativ utvikling i næringa over dei siste 30-40 åra, der dei fleste har oppfatning av at vinden er i ferd med å snu. Dei fleste merkar ei aukande «grøn trend» eller ei «grøn bylgje». Eit marknadshagekurs og ei satsing frå forvaltinga har gavt vatn på mølla og gitt rom for erfaringsutveksling og kompetanseheving, samt blitt ein møteplass for produsentar. Ei mentorordning som stimulerar til samhandling mellom erfarne produsentar og nybyrjarar er òg etablert. Vidare vert det peikt på digitale fora gjennom eigne Facebook-sider som viktige plattformar for kontakt. Dette saman med alternative salskanalar som Reko og Bondens Marknad, som gjev produsentar høve til å ikkje berre møtast seg imellom, men òg møte andre aktørar i næringa og forbrukarar, utgjer dei viktigaste arenaene for interaksjon i næringa. Dei fleste har ei oppfatning av at kommunikasjonen er god og at det er mykje optimisme i systemet, men at det bør satsast meir aktivt på næringa om ein vil auke omfanget monaleg.

Eit viktig grunnlag for forvaltinga er verdiskaping i næringa og økonomisk haldbarheit. Volum har vore ein føresetnad for at landbruket skal vere økonomisk halbart til no, men denne nye satsinga går til dels vekk ifrå det, og satsar heller på intensiv dyrking på små areal, med høgare pris ut til forbrukar, og som attåtnæring. Sentralt i satsinga er «marknadshagemodellen», altså ein dyrkingsmodell som baserar seg på at produsenten dyrkar intensivt på eit lite areal og står for heile næringskjeda sjølv. Produsenten vil difor vere alle ledd, noko som er ein annan måte å tenkje landbruksnæring på enn den tradisjonelle drifta som baserer seg på produksjonskvoter og eksterne næringsaktørar som distribuerer og foredlar råvarene. I denne satsinga legg forvaltinga til grunn at produsentane må ha med ein marknadstanke frå første stund, og soleis tilpassa produksjonen etter kva dei kan vente seg å få selt i ein avgrensa lokalmarknad. Det er blanda oppfatningar om til kva grad dette aukar lønsemada for produsentane samanlikna med eit meir tradisjonelt produksjonssystem, men det er i alle fall døme på at ein slik produksjon i kombinasjon med andre næringar eller annan

syssel på garden, har vore suksessrikt for enkeltprodusentar, som t.d. Katinka Kilian og Erik Halvorsen.

## Drøfting

Det er ganske lik oppfatning av dagens situasjon for grønsaksproduksjon i Vestland blant interessentane. Allikavel er det noko uklårheit og usemje knytt til utviklinga av næringa, med særskilt nokre motstridande påstandar som kjem fram i intervjuet. Det er ikkje heilt semje om kva omfang den aukande interessa har og til kva grad det er stort marknadspotensiale i regionen. Om potensialet er så høgt som dei mest optimistiske interessentane har ei oppfatning av, vil det vere behov for ei større satsing enn om det er ein så avgrensa marknad som dei mest pessimistiske har oppfatning av. Då vil ei ytterlegare satsing på produksjon kanskje vere uforsvarleg. Det er òg regionale skilnader i fylket, der interessentane som er knytt til mindre stader ser ein meir avgrensa marknad enn dei som opererer meir i nærleiken av Bergen eller andre større stader. Dette kjem fram som ein av dei store motstridande oppfatningane, som vil ha mykje å seie for retninga til næringa, sidan det har med kva målet skal eller bør vere å gjere. Avhengig av kva som er realiteten for omsetnadspotensialet i den regionale marknaden, vil målet måtte definerast etter det. Den småskala produksjonen som satsast på er ein produksjon der transparens i produksjon, nærleik, direktesal og låg investeringsrisiko er nøkkelfaktorar. Då er potensiale dette har som næring noko som det er viktig at interessentane einast om, for å kunne definere eit mål med røter i røynda. Vidare studiar eller undersøkingar som tar føre seg interessa blant forbrukarar lokalt vil vere av interesse.

Det er varierande skepsis og optimisme til næringa i alle gruppene, og fleire har ulike oppfatningar om kva næringa er og kva den burde vere. Av intervjuet fekk eg vite at det har vore ei negativ næringsutvikling lenge, men at det altså var ganske vanleg med grønsaksproduksjon i regionen tidlegare. Kanaliseringspolitikken, samt den nye WTO-avtalen på 90-talet og ei kommersialisering og oppskalering av grønsakssektoren nasjonalt, er alle høve som har bidrige til denne utviklinga (Bayr et al., 2020; Bunger & Tufte, 2016; Stabbetorp, 2015; Tufte, 2019). Enkelte peiker òg på at færre òg dyrkar til eige bruk, og forklarar det med «rust i maskineriet» og at det både er like billig og mykje mindre arbeid å kjøpe i butikk, òg for produsentar som har jord dei i utgangspunktet kan nytte til

grønsaksdyrking. Når ein ser på kva Frøydis, Gunnlaug, og dei erfarne produsentane seier om at det var vanlegare med grønsaksproduksjon i vest før, tyder dette på at potensialet for denne produksjonen er høgare enn det nivået ein har i dag. Dette vert støtta av rapportar frå NIBIO (Mittenzwei, 2017; Ulfeng, 2020) og AgriAnalyse (Johnsen & Smedshaug, 2016). Korleis ein skal få produksjonen opp til det nivået den har potensiale til å ligge på er ei kompleks oppgåve, som òg vil krevje innsats fra fleire hald. I Vestland fylke har den sterke husdyrtradisjonen og dei etablerte tilskot- og støttesystema for husdyrproduksjonen (Landbruksdirektoratet, 2021; Vestland fylkeskommune, 2020) òg innverknad på prioriteringane i forvaltinga, kva ressursar rådgjevinga satsar på, og kva produsentmiljøa i hovudsak består av. Det er veldig lite fagmiljø for grønsaksprodusentar i Vestland, noko nesten alle interessentane peiker på som ei baksida av å skulle drive med denne produksjonen. Mykje tyder på at eit engasjert og aktivt fagmiljø, der takhøgda er stor og det er mykje rom for utprøving og erfaringsutveksling, med lite konkurransepreg ville styrka næringa (Flaten, 2017). No-situasjonen er at det er langt til nærmaste grønsaksprodusent. Det er òg ofte langt til nærmaste marknad, og dei er òg ganske uføreseilege. Reko har kome på banen som eit godt alternativ for grønsaksdyrkaranar, men ein kan heller ikkje der garantere for at heile avlinga vert seld. Planlegging av produksjonen kan difor bli ei utfordring. Kanskje er dette blant grunnane til at det fristar mindre for bønder å legge om noko jord til grønsaksproduksjon som attåtnæring, og som kan gjere det vanskeleg for nye produsentar å lukkast.

Det kjem òg til dels fram av intervjuet at det er «ein ny type bonde» som vert tiltrekt av denne produksjonsmåten. Mange av nybyrarane og dei nyoppstarta produsentane har ikkje landbruksbakgrunn, og kjem soleis med blanke ark inn i eit komplekst yrke. I vest er klima og topografi i stor grad ei utfordring for dyrking på open åker, og uføreseilegheit i vêr og vind kan koste ein dyrt som grønsaksprodusent. Det er altså mykje å lære på kort tid. Samstundes som ein dyrkar grønsakene skal ein òg stå for heile verdikjeda. Og som Ida, bybonde i Bergen seier, så er det ofte langt mellom å elske å dyrke grønsaker og å elske å halde på med excel-ark. Men om det skal vere næring i det, er det naudsynt å ha med bedriftstanken og organisering i produksjonen. Det ligg mykje arbeid i ein slik produksjon, og mange av interessentane er uroa for om dei nye produsentane som kjem til er budde for arbeidsmengda. Med manglande jordbruksbakgrunn og lite dyrkingserfaring hjå dei ferske produsentane kan møtet med arbeidskvardagen bli endå hardare. I motsetnad til dei «vanlegare» landbruksnæringane i vest, som husdyrhald og fruktproduksjon, er den småskala

grønsaksproduksjonen lite organisert, og produsentane står meir i det åleine. Der dei andre næringane har samvirke eller klynger, og mottak for avling og råvarer, kjem det av resultata fram at det finst lite av tilsvarende strukturar på grøntsida. Det er ei næring med lite tryggleik og etablerte fora, som kan vere vanskeleg å orientere seg i, som fersk produsent, men òg med meir erfaring. Og den småskala grønsaksproduksjonen som produserar for direktesal er endå meir sårbar for fluktuasjonar i marknad og vêr og vind. Det kjem fram frå fleire av interessentane at det òg er manglande støtteordningar og tilskot til produksjonen i liten skala. Avløysartilskot og produksjonstilskot vil ofte ikkje gjelde for desse, og ein er som produsent i denne næringa difor veldig utsett om ein kjem i vanskelege situasjonar. Dagens tilskot krev at landbruksforetaket har ein næringsretta produksjon, altså at det står for ei viktig del av inntekta til produsenten, og dette er tett knytt opp mot volum og næringsutbytte (Landbruksdirektoratet, 2021). Små produsentar eller produsentar i oppstarten kan difor risikere å falle utanfor ordningane. Men for å profesjonalisere småskala grøntnæring er det nærliggande å seie at det òg trengst tryggleik og rammer for næringsaktørane. Ei definering av småskala grønsaksproduksjon som næring, med krav og rammeverk, samt anerkjenning av det økologiske, økonomiske og sosiale bidraget det har i matsystemet i regionen er etterlyst frå fleire hald. Det kan anbefalast at forvaltinga og næringsaktørane i faglaga speler inn dette til partane i jordbruksforhandlingane, for å definere småskala grønsaksproduksjon og tydeleggjere næringspotensialet.

Det kjem vidare fram i dei fleste intervjua at Frøydis Lindén hjå Statsforvaltaren har ei viktig rolle i næringsutviklinga og satsinga på ein auka grønsaksproduksjon i fylket, og ho har kjennskap til dei fleste interessentane. Hennar rolle i systemet verkar mest som å vere den til ein fasilitator, då mange av initiativa som kjem frå henne er med å legge til rette for vidare samhandling mellom interesserar og genererer mykje aktivitet. Oppfatninga til dei fleste er at ho er ein viktig pådrivar for utviklinga. Om Statsforvaltaren, eller forvaltingsleddet generelt, skal fungere som ein fasilitator og tilretteleggar for utvikling og auke i grønsaksproduksjonen på vestlandet, vil det vere naturleg at arbeidet med definisjonen av næringa og utviklinga av mål startar her (Parker, 1990). Å definere *kva* som er næringa småskala grønsaksproduksjon, vil vere naudsynt for å kunne lage ein heilskapleg strategi for utviklinga. Systemet rundt, med forvaltingsleddet som fasilitator, verkar å fungere ganske godt, men det er noko uklårheit i definisjonen av næringsaktørane, og noko usemje knytt til potensiale for økonomisk verdiskaping. Ved å svare på dette, og definere kven næringa består av, vil systemet i stor grad vere kapabelt til å nå eit mål om å auke omfanget av grønsaksproduksjon i Vestland, då

det ikkje manglar kritiske interessentar i systemet (Achterkamp & Vos, 2007). Men når ein set rammene for korleis næringa skal sjå ut, kva og kven som inngår i den og i kva retning næringa skal utviklast, må interessentane på tvers av grupper inkluderast. Berre samhandling mellom dei kan føre til den naudsynte aksepten som trengst for å verkeleg «få ballen til å rulle» (Gliessman, 2015; Stirling, 2008). Å samlast kring konkrete problemløysingsaktivitetar og nytenking, kan gje svar på mange av problema og flaskehalsane som har kome fram i desse intervjua. Å halde ein strategi open for fleire alternativ, og å heile tida vere merksam på uventa utfall vert dratt fram som den einaste måten styre ei slik næring, med så mange ukjende faktorar (Voß & Kemp, 2006). Ei *refleksiv* haldning til utviklinga trengst frå alle interessentar, og soleis kan etableringa av småskala grønsaksproduksjon som ei relevant næring å satse på i regionen vere berekraftig og gje landbruket endå eit bein å stå på. Interessentane er på plass, no gjeld det å ta i bruk heile potensialet og heve kompetansen.

Det er godt grunnlag for å seie at ein annan type grønsaksproduksjon enn den konvensjonelle storskala åkerdyrkinga eignar seg godt i vestlandsregionen (Gaffke, 2020; Knutsen, 2020; Ulfeng, 2020). Men skepsisen til denne dyrkinga botnar i ein del økonomiske spørsmål, i tillegg til uro over for stor og intens arbeidsmengd. Spørsmålet vert om det ikkje er for mykje arbeid for altfor lite pengar. Og at det ikkje skal verte næring av det, men heller meir som ein stor kjøkenhage. Får ein produsert nok til å kunne løne arbeidet bak produksjonen? Får ein selt varene, er marknaden stor nok og er det kjøpevilje? Kva er folk villige til å betale for lokale grønsaker? Å finne svar på desse spørsmåla er sentralt for kunnskapsgrunnlaget ein bygger næringa på. Uklarheit, usikkerheit og usemje om det økonomiske potensialet for næringa er i hovudsak det som staggar prosessen i forvaltinga, då hovudmålet her er verdiskaping i næringa. Samstundes er det mykje tradisjon og solide system på plass for å sikre ein stabil husdyrproduksjon i området, som kanskje får forrang over den mindre vanlege grønsaksproduksjonen. Klimatiske tilhøve og topografi knyter stor risiko til grønsaksproduksjonen i Vestland og er gode argument for at satsing på husdyrproduksjon i forvaltinga må bestå. Med avgrensa ressursar òg i forvaltinga går denne prioriteringa difor kanskje ut over ei større satsing på grønt i fylket. Men slike motstridande oppfatningar av moglegheiter og potensiale er i seg sjølv interessant og gjev grobotn for diskusjon og dialog mellom interessentane, samt lyfter fram behov for vidare forsking for å undersøke marknadspotensialet. Om dei kjem saman og får lufte sine tankar om utfordringar og moglegheiter i næringa, og utveksla standpunkt kan det kome fruktbare løysingar ut av det.

Vidare er den manglande dyrkingskompetansen og næringsforståinga blant aktørane i systemet ei sentral utfordring som kjem fram av intervjua. Det gjeld både nybyrjarane som skal starte opp produksjon, men også hjå rådgjevinga og forvaltinga. Inntrykket er at mange har ei oppfatning av at det er lettare å dyrke grønsaker på liten skala og stå for sal og næring sjølv, enn det eigentleg er. Ord som «putlete», «hobby» og «eit steg tilbake» nemner somme i skildringa si av korleis denne næringa kan oppfattast. Det er altså litt sprikande oppfatningar knytt til graden av profesjonalitet som bør forventast av aktørane i næringa og til kva grad ein tek denne typen produksjon på alvor. Kompetanseheving i alle gruppene er etterlyst, og det er brei oppfatning av at det ikkje er nok kunnskap om dyrking og sal av grønsaker i regionen. Dette er til hinder for næringsutvikling og rekruttering, då det er vanskeleg å fylge opp nye og lære opp nye når ikkje tilstrekkeleg kompetanse finst i nærområdet. Dyrking er også basert på lokale tilhøve, og kan ikkje alltid overførast frå ein dal til den neste. Ei konstruktiv kompetanseheving ikkje berre for produsentane, men i dei andre gruppene *og* hjå forbrukarane, vil også kunne auke forståinga for behova og moglegheitene i næringa. Vidare vert det då peikt på eit behov for å organisere seg og profesjonalisere seg som næring. Ein hindring for dette er at det er arbeidskrevjande å halde i eit nettverk eller ein organisasjon, samt at det har vore for få aktørar i næringa til at det er relevant. Men det vert hevdat at ei meir offisiell organisering er naudsynt for å kunne auke omfanget og samle næringa til ei meir sameint eining.

Bakteppet for å kartlegge no-situasjonen og sjå på utviklingsmoglegheiter for ein småskala grønsaksproduksjon i Vestland er berekraft og resiliens i matsystemet. Intervjua og analysa byggjer på eit hovudmål om å utvikle matproduksjonen i regionen på ein berekraftig måte, definert som eit komplekst samspel mellom sosial, økologisk og økonomisk berekraft, no og i framtida. Agroøkologi som fagfelt byggjer på dette målet, og framhevar interaksjon og sirkulær læring og handling som verkemiddel (FAO, 2018; Francis et al., 2003; Gliessman, 2016). Det vil seie å operere refleksivt og halde moglegheten open for å justere strategiar og planar ettersom ny kunnskap og nye erfaringar kjem til. Innanfor andre fagfelt som innovasjonsteori, styringsteori og interessentteori er ein slik måte å tenkje forvalting og handling lyfta fram som hovudmåten å operere i uføreseielege og hurtig endrande landskap (André et al., 2012; Freeman, 2010; Parker, 1990; Voß & Kemp, 2006). Denne måten å tenkje om system, og korleis eit system kan utvikle seg, søker å inkludere X-faktorar og moglegheten for ukjende utfall, og vil alltid hige etter å føresjå konsekvensar før dei oppstår. Dette kviler særskilt på eit nøkkelpremiss; interaksjon. Interaksjon i komplekse system, som

styrer etter det diffuse målet om berekraft, der kvart steg kan få uante fylgjer, vil ikkje berre styrke aksepten for strategien ein vel å fylgje, men vil og kunne bidra til å lage ein sterkare strategi og handlingsplan som i motsetnad til den utvikla av eit teoretisk ekspertpanel, vil ta større omsyn til røynda, kvardagen og praktiske omsyn. Den vil altså ta utgangspunkt i den fysiske no-situasjonen, og ikkje berre den teoretiske no-situasjonen. Fenomenologisk tilnærming, der interessentane ikkje møter no-situasjonen med forutintatte oppfatningar, kan tilføre endå ein dimensjon av sanning til strategien (Moran, 2002). For system som søker berekraft kan det tyde på at det er naudsynt å gå vekk ifrå den lineære, teoretiske modellen som er «tilnärmalik» røynda, og heller gå over til ein fenomenologisk, utforskande og deltagande modell for strategiutforming, planlegging, konsekvensutreiing, handling og evaluering, med tung vekt på interaksjon mellom interessentar innan fleire grupper. Både ekspertar, næringsaktørar, forvalting, praktikarar, lærde og ulærde bør inkluderast (Stirling, 2008).

Når ein skal sjå på korleis interessentane jobbar saman for å utvikle og auke omfanget av næringa i regionen, er det soleis fyrst og fremst relevant å ta føre seg interaksjonen som går føre seg. Det er jamt over ei oppfatning av at det er lett å få tak i folk, særskilt innanfor eiga interessentgruppe, om ein skulle ha behov for å t.d. drøfte noko eller sökje råd. Inntrykket er at interessentane i systemet i stor grad kjenner til kvarandre, og har etablert kontakt seg i mellom. Det er i ei vidare utvikling veldig relevant å auke interaksjonen og kommunikasjonen på kryss av interessentgrupper, då matsystemet består av så mange komplekse prosessar og strukturar og mykje usikkerheit. Uføreseielegheita i klima og vêr er åleine ein dimensjon som kompliserer det heile. Interessenten med fasilitatorrolla bør difor sökje å involvere perspektiva til dei som lever tett på produksjonen i kvardagen. Interessentar som har motstridande oppfatningar er særskilt relevant å knyte saman i slike møter. Berre slik kan ein skape semje og felles forståing av mål og framgangsmåte, noko som vert vidare sentralt under etablering og utvikling av «noko nytt», som ei sterkare grøtnæring i vest mest er (Stirling, 2008). Interessentane er sams om at grønsaksproduksjon i vest ikkje er nytt, men derimot var vanleg for 30-40 år sidan. No har det «mest turka ut» og er veldig lite synleg i landskapet. Difor vil ei satsing på grønsaksproduksjon no vere mest som å starte opp ei ny næring. Dei fylgjande punkta står fram som særskilt viktige å ta omsyn til i ei vidare utvikling av næringa:

- Det er i stor grad behov for kompetanseheving i fleire grupper
- Det trengs vidare undersøkingar av marknadspotensialet for å få til ei realistisk satsing

- Det er behov for å auke økonomisk tryggleik og føreseielegheit for produsentane gjennom utbetra tilskotsordningar
- Det er naudsynt å inkludere dei som kan noko og som har mykje erfaring på ein god måte, så den eksisterande kunnskapen kjem til nytte og ikkje forsvinn
- Med motstridande oppfatningar og mål fylgjer eit behov for auka kommunikasjon og interaksjon kring utfordringane, for å finne løysingar og ein retning alle kan stille seg bak

Med marknadshagekursa og mentorordninga vert dei to første punkta i stor grad gått i møte frå forvaltinga si side. Dei positive fylgjene det får for systemet må ikkje undervurderast, då den aukande aktiviteten og dei nye møteplassane og plattformane som spring ut av desse initiativa har vore viktige for mange av interessentane. Mange er i stor grad nøgde med kor tilgjengelege aktørar i systemet er, og at det er mange rom for å møtast og diskutere fagleg. Nokre meiner derimot at det manglar litt her, og at dei vert for lite inkludert. Representantar frå rådgjevingstenesta og dei alternative salskanalane bør i større grad inkluderast i planlegginga og utviklingsstrategiane. Med størst mogleg breidde på gruppa som skal møte utfordringane næringa ser i dag og i framtida, og fylgjande auka interaksjon på tvers av interessentgruppene der ein møter kvarandre med opne kort vil kunne bidra til ei effektiv og haldbar utvikling. Å søkje å inkludere flest mogleg interessentperspektiv bør vere av høg prioritet når ein framtidig kurs skal stakast ut for den småskala grønsaksproduksjonen i Vestland.

## Konklusjon

For å kunne auke omfanget av den småskala grønsaksproduksjonen, og altså til dels utvide matsystemet i Vestland fylke med ei innovativ satsing, må interessekonfliktane anerkjennast og strategi utviklast på bakgrunn av berekraftig utvikling og interessentsamhandling.

Inntrykket frå intervjua er at dette i stor grad er fokus i den kontrollerande gruppa, men at ein del sentral dokumentasjon i fyrste omgang er det som manglar. Uklarheit, usikkerheit og usemje om det økonomiske potensialet for næringa er i hovudsak det som staggar prosessen i forvaltinga, då hovudmålet her er verdiskaping i næringa. Det er gryande interesse og optimisme for næringa i Vestland, og interessentane er sameinte om ei naudsynt utbetring av fleire nøkkelstrukturar, som etablering av nettverk og eit organisert produsentsamarbeid, kompetanseheving, tryggleik gjennom tilskotsordningar, kartlegging av marknadspotensialet, og å auke medvitet hjå forbrukar for å få fart på omsetnaden.

Desse flaskehalsane har ikkje noko enkelt svar, og det er vanskeleg å stadfeste ei god løysing med to strekar under svaret. Det er mange innad i systemet som har motstridande oppfatningar og meininger om kva som er den rette måten å takle utfordringane. Det er ulike verdiar som kjem fram blant dei fleste, nokon held økonomisk lønsemrd og verdiskaping høgast, andre synest det grøne skiftet er det viktigaste, nokon meiner det er det sosiale miljøet rundt matproduksjon som har størst verdi. Det ein kan seie med sikkerheit i dette systemet er at det er ei kompleks samling av folk med ulike verdsbilete og verdiar, som skal ta avgjerder og handle i eit komplekst landskap, for å nå eit komplekst mål. Det er eit mjukt system, som står ovanfor eit gjenstridig problem i ein rotete situasjon. Og å halde tunga beint i munnen når ein orienterer seg i slike system kan fort bli ei utfordring. Mykje peikar på at den modernistiske, lineære problemløysinga ikkje er vegen å gå når ein handsamar med gjenstridige problem, og interessentane ikkje har heilt like oppfatningar av kva retning som er riktig.

Om ein vil auke omfanget av grønsaksproduksjon i Vestland fylke må interessentane samlast og sameinast om ei retning. Kommunikasjon og problemløysing på tvers av interessentgrupper er sentralt. Menneska i systemet, dei som handlar, dei som forvaltar og dei som gjev råd, stiller med ulike personlege ønskjer, mål, erfaringar og kunnskap. Kommunikasjon og samhandling, der altså utveksling av dei respektive sine ønskjer, mål,

erfaringar og kunnskap, kan peikast på som ein nøkkelaktivitet i løysing av problem, i definering av mål og i vidare utvikling mot ein diversifisert matproduksjon i regionen, der berekraft og resiliens omkransar det heile.

## Tillegg

### A. Intervju-guide

Forskingsspørsmål	Intervjuspørsmål	Forventa utbytte	Kategori/tema
Korleis opplev aktørane situasjonen for dagens småskala grønsaksproduksjon i fylket?	Kan du fortelje meg litt om bakgrunnen din?  Kva er rolla di i organisasjonen/nettverket?	Finne ut om bakgrunnen til intervjuobjektet og kva som driv han/hon.	Bakgrunn Motivasjon og engasjement
	Kan du seie noko om kva som var motivasjonen din for å jobbe i organisasjonen/nettverket?	Få inntrykk av kva type person det er og av engasjement og motivasjon.	Status
	Kunne du kort fortalt litt om nettverket?	Få perspektiv på dagens situasjon og framtidvisjonar.	Framtidsutsikt
	Korleis jobbar de med grønsaksprodusentar?		
	Kva trendar ser du innanfor småskala grønsaksproduksjon i fylket?		
	Kor godt er småskala grønsaksproduksjon organisert i di meining?		
Kva er dei viktigaste møteplassane for aktørar i småskala grønsaksproduksjon?	Kven samarbeider du med i jobben din?  Når og kvar møtest de?	Kven som jobbar saman og kven som tar initiativ til å treffast.	Kartlegge konkrete møter og samarbeid

	Kven tar initiativ til å møtast?		
Kva er hovudmekanismane eller strukturane (vanar, sosial kontroll, arbeidsmengd, tradisjonar) som innverkar på interaksjon mellom aktørar i småskala grønsaksproduksjon?	<p>Trur du det er like lett for alle å ta initiativ til å møtast? Viss ikkje: kvifor?</p> <p>Korleis vil du skildre miljøet rundt småskala gr.prod?</p> <p>Kva trur du hindrar folk frå å møtast?</p> <p>Synest du at det er behov for å auka samarbeidet/møteplassane?</p> <p>Oppfølging: Kva trur du kunne auka samarbeidet?</p>	<p>Korleis miljøet er, om det er tilfredsstillande eller ikkje. Om personen er nøgd med samarbeidet eller om den saknar noko. Dersom samarbeidet kunne vore betre, korleis kunne det skjedd?</p>	<p>Føresetnader for samarbeid</p> <p>Hindrande og støttande krefter</p>
Til kva grad har aktørane innverknad på kvarandre?	<p>Opplev du det som givande/viktig å møte andre som jobbar med småskala grønsaksproduksjon? Kvifor?</p> <p>Føler du at du har innverknad på dei du møter i jobben din?</p> <p>Kjenner du deg lytta til?</p> <p>Oppfølging: Viss du kjem med innspel til myndigheiter/endringsforslag til planar, ser du for deg at du kunne fått gjennomslag?</p>	<p>Finne ut av om det eksisterande samarbeidet er viktig og om det er produktivt. Er alle med å bestemmer eller er det nokre som styrer og andre som fylgjer.</p>	<p>Kartlegge funksjonen til møter og samarbeid – har det noko føre seg</p>


	Føler du forholdene ligg til rette for å starte opp? Er ordningane og kompetansen tilstrekkelege?  Til kva grad set du deg eigne mål i jobben din? Til kva grad fylgjer du mål som er sett av andre?		
Kva målsetjing finst for småskala grønsaksproduksjon i fylket?	Kva ser du på som dei største hindringane for småskala grønsaksproduksjon i Vestland fylke?  Korleis trur du framtida for småskala grønsaksproduksjon ser ut?  Er det semje om dette?	Korleis framtida ser ut og om personen ser eit potensiale for vekst og utvikling.	Framtidsutsikt

## B. Døme på kodingsprosess


Sitat	Konsentrert meinинг	Kode	Under-kategori	Tema
Det fins ingen produksjonstilskudd. No kan me søke investeringsmidler til oppstart, men idet me i gang så er det ingen produksjonstilskot. Og det gjer, altså det er ein ganske god økonomi i forhold til sau, og eg tenker det er andre incentiver til at ein skal drive med sau, som kulturlandskap, enn markedsrage, men du tenker på ka markedsrage kan bidra med av arbeidsplassar i distrikta, og moglegheiter til å livnære seg på eit lite bruk, så tenker eg det har ein verdi som kanskje burde tas på alvor når ein diskuterer tilskot og, ja, subsidiar.	Det finst ingen produksjonstilskot. No kan me søke midlar til oppstart, men idet ein er i gong er det ingen produksjonstilskot. I grønsaksproduksjon er det gangse god økonomi i forhold til sau. Det er andre incentiv til å drive med sau som t.d. kulturlandskap, men marknadslag kan bidra med fleire arbeidsplassar i distrikta og moglegheiter til å livnære seg på eit lite bruk.	Tilskota innretta mot husdyrproduksjon, sjølv om grønsaksproduksjon gjev betre omsetnad for produsent og soleis kan skape fleire arbeidsplassar.	Mangelfull tilskotsordning	Manglande strukturar
Kursene er jo berre finansiert år for år no, sant, så det å få ein langsigktigheit i kursing og få ein måte å fylgje opp desse i ein fadderordning, sant. Fadderordninga er nok finansiert, men for eksempel dette med nettverket. Kven skal holde i det? Ein del sånn type ting, skal alt det ansvaret over på ulønna enkeltpersonar? Kan nlr	Kursa et berre finansiert år for år no, men det er ei utfordring å få ei langsigktiheit og oppfølging i dette. Fadderordninga er nok finansiert, men å lage til eit nettverk t.d. Kven skal halde i det? Det trengs å kartleggast.	Behov for å kartlegge kven som kan vere ansvarlege for nettverk eller organisasjonsbygging.	Langsiktig perspektiv	Manglande strukturar
Mange ser for seg at det er som å drive hagen berre litt størrer, tenker ikkje på at du står med forretninga, stresset med rekneskap og ting som går gale, maskiner og infrastruktur og ting å forholde seg til fristar, som gir ein stor påkjønning i periodar. Og at du er økonomisk avhengig av at ting går opp. Det er noko heilt anna enn å drive hagen sin då.	Mange ser for seg at det er som å drive ein litt stor kjøkkenhage, og tenker ikkje på at du står med forretninga, stresset med rekneskap og ting som går gale, maskiner, infrastruktur og å forholde seg til fristar, som kan vere store påkjønningar i periodar.	Det er noko heilt anna enn å drive kjøkkenhagen sin.	Undervurderer dyrking som næring	Profesjonalisering
Men eg trur og at det er veldig viktig at me jobbar med eit marknad i Bergen og at forbrukarane blir klar over moglegheiten til å kjøpe kortreist. Fordi, no er det veldig få som veit om det. Sjølv om det er så stor befolkning så føler me faktisk avogt til at det er vanskeleg å nå ut. Me som er blant veldig få som tilbyr, så med unntak av dei som allereie er på reko og etterspør. Men i det breie lag, når du set på etterspørsel i Oslo, så stemmer ikkje det i forhold til at Bergen ikkje er 20 gonger mindre. Der er det noko, me må jobbe saman.	Det er viktig at me jobbar med ein marknad i Bergen, og at forbrukarane vert klare over at dei har moglegheit til å kjøpe kortreist. No er det veldig få som veit om det, og sjølv om det er så stor befolkning synest me det er vanskeleg å nå ut. Smanaliknar ein med etterspørselen i Oslo, så stemmer det ikkje når ein veit at Bergen er landets nest største by.	Viktig å få opp marknaden og etterspurnaden i Bergen.	Stort potensiale i Bergen	Mål om auke i omsetnad

## C. Tematisering i iThoughtsX

### Kartlegging og avgrensning av systemet (deskriptiv)



### Ev. hindringar og manglar i systemet




## Referansar

- Achterkamp, M. C. & Vos, J. F. (2007). Critically identifying stakeholders: evaluating boundary critique as a vehicle for stakeholder identification. *Systems Research and Behavioral Science: The Official Journal of the International Federation for Systems Research*, 24 (1): 3-14.
- André, K., Simonsson, L., Swartling, Å. G. & Linnér, B.-o. (2012). Method development for identifying and analysing stakeholders in climate change adaptation processes. *Journal of Environmental Policy & Planning*, 14 (3): 243-261.
- Arcipowska, A. M., E; Lyu, Y; Waite, R. (2019). *5 Questions About Agricultural Emissions, Answered*. World Resources Institute.
- Armson, R. (2011). *Growing wings on the way*: Triarchy Press.
- Arnoldussen, A. H., Forbord, M., Grønlund, A., Hillestad, M. E., Mittenzwei, K., Pettersen, I. & Tufte, T. (2014). Økt matproduksjon på norske arealressurser. *Agri Analyse, Rapport*, 6.
- Bardalen, A., Skjerve, T. A. & Olsen, H. F. (2021). Bærekraft i det norske matsystemet.
- Barth, M. (2016). Teaching and learning in sustainability science. I: *Sustainability Science*, s. 325-333: Springer.
- Bayr, U., Strand, G.-H. & Dramstad, W. (2020). Indikatorer for landbruk over hele landet- Utvikling av en metode for resultatkontroll av landbrukspolitiske mål. *NIBIO Rapport*.
- Bernard, H. R. (2017). *Research methods in anthropology: Qualitative and quantitative approaches*: Rowman & Littlefield.
- Bunger, A. & Tufte, T. (2016). Den norske landbruksmodellen. *Oslo: Agri Analyse*.
- Burnard, P., Gill, P., Stewart, K., Treasure, E. & Chadwick, B. (2008). Analysing and presenting qualitative data. *British dental journal*, 204 (8): 429-432.
- Byerlee, D., De Janvry, A. & Sadoulet, E. (2009). Agriculture for development: Toward a new paradigm.
- Checkland, P. B. (1989). Soft systems methodology. *Human systems management*, 8 (4): 273-289.
- Churchman, C. W. (1971). Design of inquiring systems: basic concepts of systems and organization.
- FAO. (2018). *The 10 elements of agroecology. guiding the transition to sustainable food and agricultural systems*.
- FAO. (2018a). *Sustainable food systems. Concept and framework*. I: Nations., R. F. a. A. O. o. t. U. (red.).
- Flaten, O. (2017). Factors affecting exit intentions in Norwegian sheep farms. *Small Ruminant Research*, 150: 1-7.
- Francis, C., Lieblein, G., Gliessman, S., Breland, T. A., Creamer, N., Harwood, R., Salomonsson, L., Helenius, J., Rickerl, D. & Salvador, R. (2003). Agroecology: The ecology of food systems. *Journal of sustainable agriculture*, 22 (3): 99-118.
- Freeman, R. E. (2010). *Strategic management: A stakeholder approach*: Cambridge university press.
- Gaffke, H. (2020). *Market gardening – dyrkingskonsept for småskala, allsidig, økologisk grønnsaksproduksjon på frammarsj*. Tilgjengelig fra: <https://okologisklandbruk.nlr.no/nyhetsarkiv/2020/market-gardening/> (lest 10.12.2020).
- Gasparatos, A., El-Haram, M. & Horner, M. (2009). *The argument against a reductionist approach for measuring sustainable development performance and the need for methodological pluralism*. Accounting Forum: Elsevier.

- Gjessing, S.-M. (2017). *Hvordan kan bonden bli veien til en bærekraftig samfunnsutvikling i Luster kommune? En studie av landbruket i Luster i lys av de globale klima-og miljøproblemene*: Norwegian University of Life Sciences, Ås.
- Giessman, S. (2016). *Transforming food systems with agroecology*: Taylor & Francis.
- Giessman, S. R. M., V Ernesto; Bacon, Christopher M; Cohen, Roseann;. (2015). *Agroecology: A transdisciplinary, participatory and action-oriented approach*: CRC press.
- Goodland, R. (1995). The concept of environmental sustainability. *Annual review of ecology and systematics*, 26 (1): 1-24.
- Halvorsen, G. (2020). *Invitasjon til inkubatorprogrammet Dyrk for salg fra markedshagen*. Tilgjengelig fra: <https://www.fylkesmannen.no/nn/Trondelag/Landbruk-og-mat/Nyheter-landbruk-og-mat/2020/10/invitasjon-til-inkubatorprogrammet-dyrk-for-salg-fra-markedshagen/>.
- Helsedirektoratet. (2020). *Utviklingen i norsk kosthold 2019*. Helsedirektoratet.
- Hohle, E. (2016). *Landbruk og klimaendringer*. Rapport fra Landbruks- og matdepartementet 02/2016. Tilgjengelig fra: <https://www.regjeringen.no/contentassets/416c222bde624f938710ff36751ef4d6/rapport-landbruk-og-klimaendringer---rapport-fra-arbeidsgruppe-190216.pdf> (lest 23.06.2021).
- Horriigan, L., Lawrence, R. S. & Walker, P. (2002). How sustainable agriculture can address the environmental and human health harms of industrial agriculture. *Environmental health perspectives*, 110 (5): 445-456.
- Ikerd, J. E. (1993). The need for a system approach to sustainable agriculture. *Agriculture, Ecosystems & Environment*, 46 (1-4): 147-160.
- IPCC. (2020). *Climate Change and Land*. <https://www.ipcc.ch/>.
- Johnsen, H. M. & Smedshaug, C. A. (2016). *Vestlandsjordbruket–vinn eller forsvinn?*: Oslo. Hentet fra <https://www.agrianalyse.no/getfile.php/13680-1513245658> ....
- Klimakur 2030. (2020). Tilgjengelig fra: <https://www.miljodirektoratet.no/globalassets/publikasjoner/m1625/m1625.pdf#page=207> (lest 23.06.2021).
- Knutsen, H. (2020). Utsyn over norsk landbruk - Tilstand og utviklingstrekk 2019. *NIBIO POP*, NIBIO POP;6(7) 2020.
- Kremen, C., Iles, A. & Bacon, C. (2012). Diversified Farming Systems An Agroecological, Systems-based Alternative to Modern Industrial Agriculture. *Ecology and Society*, 17 (4).
- Landbruksdirektoratet. (2021). *Produksjonstilskudd og avløsertilskudd i jordbruket*. Tilgjengelig fra: <https://www.landbruksdirektoratet.no/nb/jordbruk/ordninger-for-jordbruk/produksjonstilskudd-og-avløsertilskudd-i-jordbruket?openStep=0ac40329-9a95-4ddb-aea9-4ac939bf210d-0>.
- Lindén, F. (2019). *Småskala grøntproduksjon er skreddarsydd for Vestlandet*. <https://www.fylkesmannen.no/nn/vestland/landbruk-og-mat/okologisk-landbruk/smaskala-grontproduksjon-er-skreddarsydd-for-vestlandet/>.
- Ludwig, D., Walker, B. & Holling, C. S. (1997). Sustainability, stability, and resilience. *Conservation ecology*, 1 (1).
- Markedshager, V. (2019). *Marknadshagar Vestland*. Tilgjengelig fra: <https://www.markedshage.no/nb/vestland/> (lest 26.05).
- Masten, A. S. (2016). Resilience in developing systems: the promise of integrated approaches. *European Journal of Developmental Psychology*, 13 (3): 297-312. doi: 10.1080/17405629.2016.1147344.
- Mathiesen, H. F. (2014). Fulldyrka jord og dyrkbar jord-en landsoversikt.

- Milford, A. B. (2020). *Småskala grønnsaksdyrkning i Norge: Økonomiske og agronomiske muligheter og utfordringer*. NIBIO, prosjekter.
- Milford, A. B. P., A; Kårstad, S. (2019). *Produksjon og omsetning av økologisk frukt, bær og grønnsaker gjennom alternative salgskanaler*. NIBIO Rapport;5(95) 2019. NIBIO.
- Mittenzwei, K. M., A. B; Grønlund, A. (2017). *Status og potensial for økt produksjon og forbruk av vegetabiliske matvarer i Norge*. NIBIO. Upublisert manuskript.
- Moran, D. (2002). *Introduction to phenomenology*: Routledge.
- Nasjonalt råd for ernæring. (2017). *Bærekraftige kostråd - vurdering av de norske kostrådene i et bærekraftperspektiv*.
- Parker, M. (1990). *Creating shared vision*.
- Pettersen, I. & Kårstad, S. (2021). Mat, matindustri og verdikjeder 2020. Status og utvikling i norsk matindustri og verdikjeder for matvarer. *NIBIO Rapport*.
- Schneider, U. A., Havlík, P., Schmid, E., Valin, H., Mosnier, A., Obersteiner, M., Böttcher, H., Skalský, R., Balkovič, J. & Sauer, T. (2011). Impacts of population growth, economic development, and technical change on global food production and consumption. *Agricultural Systems*, 104 (2): 204-215.
- Scholten, K. & Schilder, S. (2015). The role of collaboration in supply chain resilience. *Supply Chain Management: An International Journal*.
- Shukla, P., Skea, J., Calvo Buendia, E., Masson-Delmotte, V., Pörtner, H., Roberts, D., Zhai, P., Slade, R., Connors, S. & Van Diemen, R. (2019). IPCC, 2019: Climate Change and Land: an IPCC special report on climate change, desertification, land degradation, sustainable land management, food security, and greenhouse gas fluxes in terrestrial ecosystems.
- Small, M. L. (2009). 'How many cases do I need?': On science and the logic of case selection in field-based research. *Ethnography*, 10 (1): 5-38. doi: 10.1177/1466138108099586.
- Solemdal, L. (2019). Mat og bærekraft-matproduksjon og kosthold i et bærekraftperspektiv.
- Stabbetorp, E. H., A. (2015). *Kanaliseringspolitikk, arealbruk og produksjonsfordeling*. Rapport til leiarkonferansen i Norges Bondelag 09/2015. Tilgjengelig fra: <https://www.bondelaget.no/getfile.php/13710791-1442582435/MMA/Dokumenter/Produksjonsfordeling%20arealbruk%20kor-n-%20og%20kraftf%C3%B8rpolitikk.pdf>.
- Stirling, A. (2008). "Opening up" and "closing down" power, participation, and pluralism in the social appraisal of technology. *Science, Technology, & Human Values*, 33 (2): 262-294.
- Stokstad, G. (2020). *Status og utvikling i jordbrukslandskapet på Vestlandet*. NIBIO rapport;6(121) 2020. NIBIO.
- Tufte, T. T. A. E. (2019). *Arealutvikling og arealbruk - Korn, gras og drøvtyggere*. Rapport 12-2019: AgriAnalyse (lest 23.06.2021).
- Uleberg, E. & Dalmannsdottir, S. (2018). Klimaendringenes påvirkning på landbruket i Norge innenfor ulike klimasoner. *NIBIO Rapport*.
- Ulfeng, H. (2020). *Nye grønnsakskart viser hvor det er best å dyrke*. Nyheter: NIBIO. Tilgjengelig fra: <https://www.nibio.no/nyheter/nye-gronnsakskart-viser-hvor-det-er-best-a-dyrke>.
- Ulrich, W. (1983). Critical heuristics of social planning: A new approach to practical philosophy.
- Vestland fylke. (2021). *Handlingsplan for landbruk i Vestland 2021*.
- Vestland fylkeskommune. (2020). *Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 - regional planstrategi*. fylkeskommune, V.: Vestland fylkeskommune.
- Voß, J.-P. & Kemp, R. (2006). Sustainability and reflexive governance.

- Walpole, M., Smith, J., Rosser, A., Brown, C., Schulte-Herbruggen, B., Booth, H., Sassen, M., Mapendembe, A., Fancourt, M., Bieri, M., et al. (2013). *Smallholders, food security, and the environment*.
- Yin, R. K. (2013). Validity and generalization in future case study evaluations. *Evaluation*, 19 (3): 321-332. doi: 10.1177/1356389013497081.



**Norges miljø- og biovitenskapelige universitet**  
Noregs miljø- og biovitenskapslelege universitet  
Norwegian University of Life Sciences

Postboks 5003  
NO-1432 Ås  
Norway